





NYNORSK i bruk



Universitetet
i Stavanger

Redaktør: Anne Håland

www.lesesenteret.no

Tlfon: 51 83 32 00

E-post: lesesenteret@uis.no

Postadresse:

Lesesenteret,
Universitetet i Stavanger
4036 Stavanger

Design: Melvær&Lien Idé-entreprenør
Illustrasjon: Gunnlaug Moen

ISBN 978-82-7649-065-7

NYNORSK
i bruk

Forord

Nynorsk i bruk

Nynorsk i bruk inneheld ulike artiklar som alle har det til felles at dei fokuserer på det nynorske skriftspråket i ein eller annan forstand. Nokre artiklar har kanskje størst interesse for dei som underviser elevar som har nynorsk som hovudmål, medan andre artiklar kan ha element som gir størst interesse for dei som har elevar som har nynorsk som sidemål. Me har medvite valt å ikkje laga eit klårt skilje her fordi god undervisning er god undervisning anten den er på bokmål eller nynorsk. Så kva er då vitsen med å laga eit eige nynorskhefte? I og med at nynorsk er eit mindretalsspråk er det nødvendig å løfta fram språket. Nynorsk er ein del av det språklege mangfaldet som elevane både skal vera trygge på og vera medvitne om. Med dette heftet prøver me nettopp å løfta fram det nynorske skriftspråket for alle elevar.

Nokre artiklar har eit klårt didaktisk fokus som kan gi tips til eiga undervisning. Slik som t.d. kapitla «Nynorskbøker i bruk» og «To undervisningstips med sakprosatekstar». Andre artiklar har eit meir teoretisk perspektiv som er meint som ei oppdatering av eigne kunnskapar, slik som intervju med forfattarane Maria Parr og Ragnar Hovland og artikkelen om teikneseriemediet «Å boltra seg i bobler». Me håpar at det mangfaldet av artiklar som finst i heftet kan gi inspirasjon og refleksjon over eiga undervisning. Ikkje minst håpar me at dvd-en som følgjer heftet kan gjera overgangen frå å lesa om noko til å utføra det i eige klasserom enklare.

Me gjer merksam på at artiklane er skrivne med ulike variantar av nynorsk språkdrakt. Slik viser dei noko av det nynorske mangfaldet.

Nynorsk i bruk inngår som eit hefte i rettleiings-materiellet *Lesing er....*

Stavanger, 1. desember 2009
Anne Håland

Innhald

	Side		Side
Nynorsk som fritidsspråk av Anne Håland og Trude Hoel	6	<i>Handgranaateple</i> av Ingelin Røsslund på 10. trinn av Eva Kalgraf	30
Med nynorsk på leselista av Hjalmar Trond Eiksund	10	”Å boltra seg i bobler” av Arild Torvund Olsen	33
Høgtlesing på nynorsk av Anne Steinsvik Nordal	12	Presentasjon av nynorske teikneseriar av Arild Torvund Olsen	37
<i>Les for meg!</i> på nynorsk av Irene Garnes Hareide, Sigrun Meisingset, Ingrid Slettevold og Gunnar Strøm	16	Frå dikt til teikneserie av Helga Slettebak, Marit Moen og Arne Skadal	38
To strekar under høgtlesing. Intervju med Maria Parr av Janne Karin Støylen	22	Nynorsk barnelitteratur som utgangspunkt for lese- og skriveopplæring av Marit Wadsten	42
Magisk medisin må til! Intervju med Ragnar Hovland av Janne Karin Støylen	24	To undervisningstips med sakprosatekstar av Hjalmar Trond Eiksund og Kristin Kibsgaard Sjøhelle	46
Nynorsk inga hindring av Ketil Kolstad	25	Nynorsk som reklamespråk i og utanfor klasserommet av Kristin Kibsgård Sjøhelle	51
Nynorskbøker i bruk <i>Jakob og Neikob</i> på 1. trinn av Line Feness Armond	26	Kort om den nynorske språkhistoria av Stig Jarle Helset	54
ABC av Erna Osland på 7. trinn av Bjørg Wangen	28	Bli med inn i klasserommet! Av Knut Åge Teigen	60

Nynorsk som fritidsspråk

Trude Hoel og Anne Håland

I arbeidet med elevar har me sett at mange som har nynorsk som opplæringsspråk likevel brukar bokmål på fritida si.

Lærar: *Når de skal skriva på fritida, kva er det de skriv då? Viss de skal skriva ein beskjed for eksempel?*

Anita: *Då skriv eg bokmål. Og viss eg skal skriva notater og slik skriv eg alltid bokmål.*

Andre elevar: *Ja, det gjer eg og.*

Dette har me undra oss over. Me har difor snakka med ei gruppe elevar som har nynorsk som opplæringsspråk for å prøva å forstå kvifor det er slik. Me har stilt oss spørsmål som: Er ikkje nynorsk-identiteten godt nok forankra hos elevane? Er ikkje elevane stolte av skriftspråket sitt? Eller kan dei ikkje skriftspråket sitt godt nok? Er ikkje nynorskelevar trygge nynorskbrukarar? Eller opplever dei at bokmålet er så dominerande at det er vanskeleg å vera ein nynorsk skriftspråkbrukar på fritida? Har det noko å seia at nynorsken så å seie er fråverande i populærkulturen? Korleis er det med alle dei nye skriftmedia slik som Facebook og MSN, passar dei dårlegare for det nynorske skriftspråket enn for bokmålet?

I samtalane gir elevane sjølv nokre grunnar til at dei nyttar bokmål som fritidsspråk – og ikkje nynorsk. Dei seier mellom anna at det er lettare å skriva bokmål enn nynorsk, trass i at dei har hatt nynorskopplæring i mange år. Dessutan meiner ungdommane at dei lettare blir forstått når dei skriv på bokmål: *Trur det er det folk flest forstår.* Elevane gir også uttrykk for at dei gløymer nynorskgrammatikken fordi han ikkje jamleg har fokus på skulen. Det at dei ser, les og høyrer meir bokmål enn nynorsk rundt seg, blir også oppgitt som ein viktig grunn til at dei skriv bokmål på fritida. Til dømes tykkjer dei at det er vanskeleg å finna aktuell litteratur på nynorsk. Oppsiktsvekkjande nok seier dei også at det er vanskeleg

å halda på det nynorske skriftspråket fordi nokre av lærarane skriv bokmål på tavla og i lekseplanar, trass i at elevane deira har nynorsk som opplæringsspråk.

Det er tydeleg at mange av elevane opplever nynorsk som eit skulespråk, og ikkje som eit språk som tilhører fritida. Dette er synd, fordi dersom nynorsken skal vera eit levande språk, må den også vera eit naturleg språk på ulike fritidsarenaer. For elevar med nynorsk som opplæringsspråk bør det vera like naturleg å skriva beskjedar, notat, konfirmasjonshelsingar og bloggar på nynorsk som det er å skriva tekstar på skulen på nynorsk. Me stiller oss difor spørsmålet: Er det noko skulen kan gjera for å gi nynorskelevane ein sterk og trygg identitet som nynorskbrukar også i fritidsskrivinga? I det følgjande vil me difor reflektera over ulike grep som skulen kan ta for å støtta nynorskelevane si fritidsskriving.



1. Refleksjonar over og samtalar om språk

Dei færreste er medvitne om haldningane dei har til språk, det vera seg både munnleg og skriftleg språk. Det vitna også samtalane me hadde med ungdommane om: *Me har aldri snakka om dette før.* Kanskje er det slik at samtalar og refleksjonar rundt det å vera ein nynorskbrukar kan gjera elevane tryggare på skriftspråket sitt? Me trur at samtalar av typen: *Kva er forskjellar og likskapar mellom nynorsk og bokmål? Finst det stader kor det passar betre å bruka nynorsk enn bokmål? Er det noko som er vanskeleg ved det å vera ein nynorskbrukar? Vel de bokmål- eller nynorsk-bøker på biblioteket? Kva kan de gjera for å halda på det nynorske skriftspråket?, kan vera med på å etablere ein trygg nynorskidentitet. Det er liten tradisjon for slike språkrefleksjonar i skulen. Det er ikkje uvanleg å samanlikna bokmål og nynorsk på ungdomssteget, men me trur*





at for å bli ein trygg nynorskbrukar, må desse refleksjonane vera ein del av språkundervisninga langt tidlegare. Slik som eksempelet under, henta frå 2. trinn, viser:

Lærar: *No skal eg lesa to dikt for dykk. Dikta er like på mange vis, men noko er forskjellig.*

Læraren les diktet som høyrer til bokstaven P i alfabetboka Alle i Alta kan av Eva Jensen og Inger Lise Belsvik, først på nynorsk, og så på bokmål.

Lærar: *Kva er det som er likt og ulikt mellom dikta eg las?*

Hendene skyt ivêret.

Bernt: *Det er i alle fall éin ting som er ulikt: ikke og ikkje.*

Han stavar orda: *I k k e – I k k j e.*
Det er ein bokstav ekstra!

Lærar: *Ja, det har du rett i, det er ein bokstav ekstra.*

Mikkel: *Bor og bur!*

Lærar: *Kva seier du - bor eller bur?*

Mikkel: *Eg seier bur, for eg snakkar jo nynorsk!*

Elevar er vane med å snakka om innhaldet i tekstar: om kva tekstar handlar om, kva dei veit om eit tema og kva nytt teksten har lært dei. For å hjelpe elevane til språkleg medvit og gjera dei til trygge nynorsk-brukarar kan me reflektera over og snakka om språket si formside. Me kan hjelpe elevane å utvikla eit metaspråk – eit språk til å snakka om språket. Våre samtalar om språk, både med 7-åringar og ungdommar, viste at dei var interesserte i temaet. Dei tykte det var spennande å snakka om språk!

I tillegg til samtalar om språk, bør også grammatikkunnskapar haldast ved like gjennom heile skuleløpet. Gjennom å tematisera grammatikken aktualiserer ein den og gir den meaning. Saknet av grammatikkundervisning kjem også fram i samtalane med ungdommane når dei svarer på kvifor dei meiner det er lettare å skriva bokmål enn nynorsk: *Me har ikkje så mykje norsk, grammatikk og sånn for tida, og då gløymer me det av.* Grammatikkunnskapar må puggast, men grammatikkundervisning er langt meir enn bøyning av sterke verb. Nynorsk grammatikkundervisning bør ta utgangspunkt i samfunnet

rundt oss, språket slik som det blir brukt og oppfatta. Difor er samtalar om særskriving: *open bar* og *openbar*, og utforminga av Lerums reklame for saft og syltetøy, like viktig grammatikkundervisning som a- eller e-infinitivsendingar. Grammatikkundervisninga bør altså ikkje berre vera undervisning i formverk, men også bruk av formverk. Det er viktig at grammatikkundervisninga ikkje berre blir isolerte deløvingar, men at den blir ein naturleg og integrert del av arbeidet med ulike tekstar. I det heile ser me det som svært viktig å etablira ein kultur for samtalar og refleksjon rundt språk, både form, innhald og bruk.

2. Tilgang til nynorsklitteratur

Samtalar med både ungdommar og elevar på 2. trinn viser at tilgangen til aktuelle nynorske tekstar er mangefull: *Eg tek bokmål for det er ikkje så enkelt å finna nynorskboeker på biblioteket.* Til dømes er tilgangen til littlestbøker for begynnarslesaren mykje därlegare for nynorskelevar enn for bokmålselevane (<http://lesesenteret.uis.no/forside/nyheter/article9038-1037.html>). Ei oppteljing på eit lokalt bibliotek ein tilfeldig valt dag viste 215 bokmålstitlar og 17 nynorsktitlar. Dessutan viser PIRLS-studien (2006) at nynorskelevar har därlegare vilkår for leseutvikling når det gjeld skjønnlitterære tekstar, medan dei har betre leseutvikling enn bokmålselevar når det gjeld lesing av fagtekstar. Dette meiner me heng saman med tilgang til litteratur. Bokmålselevane og nynorskelevane har same tilgang til fagtekstar i form av lærebøkene i dei ulike faga, medan tilgangen til skjønnlitteratur på nynorsk og bokmål er svært skeivt fordelt. Så kva kan skulen gjera med det mangelfulle tilbodet av nynorske barne- og ungdomsbøker? Skulen bør halda seg oppdatert på det tilfanget som finst og formidla ulike titlar aktivt til elevane. Som ei hjelpe i dette arbeidet viser me til nettstadane www.nynorskbook.no, http://lesesenteret.uis.no/leseopplæring/bok_i_bruk/ og *Bok i bruk*-hefta utgitt av Lesesenteret. Dessutan kan eit tett og godt samarbeid med skulebiblioteket eller folkebiblioteket vera ein verdifull ressurs på jakt etter gode nynorskboeker.

3. Utprøving og modellering

Læraren har eit dagleg ansvar for å visa at nynorsk er eit brukspråk i si eiga skriving både på tavla, i nettbaserte læringsrom som t.d. Fronter og

It's learning, på Facebook og alle andre stader kor dei skriv offentleg. For at elevane skal bli trygge nynorsk-brukarar treng dei modellar som nyttar nynorsk som fritidsspråk.

Det er viktig å hugsa på at nynorsk er eit skriftspråk mest utan forankring i populærkulturen.

Til dømes er ein av dei mest leste teikneseriane i Noreg, Donald Duck, berre på bokmål.

Og populære seriar i Disneyuniverset som *Hanna Montana* og *High School Musical* er dubba til aust-norsk og teksta på bokmål. Me finn heller mest ingen glansa magasin eller fagtidsskrift med nynorsk tekst. Elevar med nynorsk som opplæringsspråk møter derfor sjeldan modellar i nynorsk språkdrakt på fritida si, medan dei badar i bokmålstekstar.

Så kva kan skulen gjera med denne skeive påverknaden? Lærarane må halda seg oppdaterte og formidla den nynorske populærkulturen som finst. Her kan tekstbasen til Nynorsksenteret vera til god hjelp (<http://www.nynorsksenteret.no/tekstbasen>).

(Sjå også artikkelen «To undervisningstips med sakprosatekstar».)

Lærarane kan også iscenesetja skrivekontekstar som inviterer elevane til å utforska og utprøva nynorsk på ulike fritidsarenaer kor bokmålet er dominante. Elevane treng meiningsfulle kontekstar å skriva i. Det er t.d. mogleg å:

La elevane skriva bloggar på nynorsk. Utfordra dei til å skriva alle tekstmeldingane i løpet av ei veke på nynorsk. Premiera den stilegaste fødselsdagsinvitasjonen som er skriven på nynorsk.

Skriva nynorsk på Facebook. På denne måte kan ein integrera nynorsk språkopplæring også i fritids-skrivinga.

Språk og identitet

Refleksjonar over eige språk, og tankar om språkleg variasjon, spelar ei rolle i utviklinga av det språklege medvitnet. Derfor meiner me det er viktig å tematisera nynorsk spesielt, og språkleg variasjon generelt, ved å invitera til samtale om språk med elevar som brukar nynorsk skriftspråk. Kanskje er dette spesielt viktig der kor nynorskelever er i minoritet? Men det er ikkje slik at elevar med nynorsk som opplæringsmål heilt plutsleig byrjar å bruka bokmål som fritidsspråk. Dette er truleg trendar som har fått utvikla seg og forsterka seg over år.

Språk har ein viktig identitetsskapande funksjon, og me tilpassar språket vårt etter kven me vil vera. Kan det vera slik at nynorskelevane ikkje ynskjer å ha ein nynorskidentitet, eller er dei berre umedvitne om at nynorsk også kan nyttast til fritidsskriving? Samtalane me har hatt med ungdommar kan tyda på det siste.

Skal me vera nøgde med at nynorsk er eit skulespråk, eller er det eit mål at det språket elevane har fått opplæring i skal vera eit språk for heile livet? For ungdommane gir desse samtalane om språk, heilt nye problemstillingar. Dei har ikkje tenkt på kva for språk dei vil bruka på fritida som vaksne. Mange seier at dei trur dei vil skriva bokmål som vaksne når dei byrjar i arbeid. Viss skulen ikkje gjer noko med nynorsken som fritidsspråk, vil truleg ungdommane bruka bokmål som vaksne, nett slik dei fortel at foreldra deira også gjer trass i at dei har hatt nynorsk som opplæringsspråk.



KJELDER:

- Daal, V., Solheim, R.G., Gabrielsen, N.N. og Begnum, A.C. (2007):
PIRLS Norske elevers leseinnsats og leseferdigheter.
Resultater for fjerde og femte trinn i den internasjonale studien PIRLS 2006
Jensen, E. og Belsvik, I.L.: *Alle i Alta kan*. Alfabetdikt. Samlaget, 2000
www.nynorskbook.no
http://lesesenteret.uis.no/leseopplaering/bok_i_bruk/
<http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13430&cnyTXTpg=front>.
<http://lesesenteret.uis.no/forside/nyheter/article9038-1037.html>

Med nynorsk på leselista

Av Hjalmar Trond Eiksund

– *Les eigentleg elevar nynorsk utanom skolekvarden?* Dette var utgangspunktet for ei spørjeundersøking gjennomført på seks ulike ungdomsskolar skoleåret 2008-09. Svara gjekk inn som grunnlag i ei masteroppgåve i Nynorsk skriftkultur ved Ivar Aasen-instituttet i Volda.

Svaret på spørsmålet er eit nølande *ja*. Nynorsk er ikkje så fullstendig usynleg som ein til tider kan få inntrykk av gjennom oppslag i media, men nynorsken er likevel definitivt veslebror i forhold til bokmålet, og i bakgrunnen lurer engelsken...

Regionale ulikskaper

Det er store forskjellar mellom kva region ein høyrer heime i og mengda av nynorsk elevane konsumerer. I undersøkinga svarte om lag 300 elevar i tiande klasse ved skolar frå Sunnmøre og Trondheim på spørsmål om lesemengd, lesestil, tidsbruk og lesespråk.

Ikkje overraskande er ungdom i nynorskkommunar meir eksponerte for nynorsk enn ungdommen busett i bokmålskommunen Trondheim, men ulikskapen er ikkje så stor. Den store forskjellen er opplæringsmålet. Sunnmørselevane les nynorske lærebøker, det gjer ikkje elevane frå Trondheim. Utanfor skolekvarden kjem nynorsken til kort i dei moderne tekstkanalane på Internett og TV.

Traust og tradisjonelt

Skal ein tru tala frå undersøkinga, hamnar tradisjonelle tekstmedium som bøker og teikneseriar nedst på popularitetsskalaen, med bøker på absolutt jumboplass. Det er heller ikkje i bøker elevane blir eksponert for størstedelen av nynorsken. Blad og aviser står òg for ein relativt låg prosentdel av tekstkonsumet til ein vanleg tiandeklassing.

I populære tidsskrift og vekeblad er nynorsken så godt som ikkje-eksisterande, medan nynorsken blir funne oftare i lokalavisene. For somme av elevane er det vanlegare å lese bøker på engelsk enn nynorsk.

Interaktivt og populært. Skriking utan skrivereglar

Ikkje overraskande er det dei nye media som dominerer lesekvarden til ungdommane. Så godt som alle seier dei les tekstar av eitt eller anna slag på Internett i løpet av dagen, til og med fleire enn dei som fortel at dei les lekser. Den store internettprosenten stemmer godt overeins med tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB), som viser at 98 % av alle mellom 13 til 15 år bruker Internett i løpet av veka.

Ein stor del er òg aktive nettskrivarar. Ungdom i dag er aktive både som lesarar og tekstsakarar, på e-post og Internett. Dei er dermed flittige lesarar av kvarandre sine tekstar. Gjennom nettsamfunn, chat-sider og eigne bloggar, produserer sannsynlegvis mange ungdommar i dag mykje meir tekst utanfor skolen enn det dei gjer gjennom obligatorisk skolearbeid.

Til skilnad frå skoleskrivinga er denne tekstriproduksjonen fri og utan formell rettleiing, og dermed blir òg det ungdommane les av kvarandre lausrive frå normkrav og rettskrivningsreglar som mange nok føler dominerer skriveopplæringa i skolen. Tekstane dei skriv i uformelle fora har ofte andre kvalitetar med fokus på innhald som somme tider langt går ut over fagkrava i skolen. I tillegg er skrikinga i høg grad dynamisk og interaktiv, svært ulik skrivesituasjonen med ein elev framfor ein PC på skolen.

Dialektskrivarar?

Når ungdommane blir spurte om korleis dei ordlegg seg på nettet, svarer eit stort fleirtal av elevane i nynorskkommunane at dei vel å skrive dialekt framfor normert norsk. Dialektbruken er stor også blant elevane med bokmål som opplæringsmål, men her er likevel bokmålet vel så dominerande.

Denne skilnaden er interessant, men å forklare dette skiljet fullt ut blir fort spekulasjonar. Eit viktig poeng er likevel den skriftlege variasjonen nynorskelevar dagleg er eksponerte for. Med eit stort konsum av både bokmål og nynorsk, ved sidan av dialekt og såkalla «SMS-språk», vil dei truleg i noko større grad enn bokmåselevane vere van med å sjå på rettskrivinga som noko relativt, noko sjangerbestemt og situasjonsavhengig. Å bruke dialekten i nettsamtaler blir derfor naturleg i ein sjanger der den personlege stemma blir viktig å bere fram. Elevane i undersøkinga viser dermed at dei har eit klart språkmedvit og at dei veit når det personlege språket skal nyttast og ikkje. Altså eit språkleg sjangermedvit. Det går òg an å argumentere for at ein slik relativistisk kunnskap – at meining kan kome til uttrykk gjennom ulike språklege variantar – er med på å gi norske elevar språklege fortrinn. Store undersøkingar om nabospråkforståing, seinast i 2003, konkluderer med at nordmenn framleis forstår nabospråka svensk og dansk betre enn dei forstår oss.

"Fleirspråklege" elevar – eit fortrinn

Den norske språkkonteksten blir omtala i rapporten *Language Education Policy Profile for Norway*, utarbeidd for Europarådet (2003-2004):
[...] although they are largely not aware of it and value it little, Norwegians are plurilingual already.

Vi har lang tradisjon for fleirspråkleg opplæring i Noreg, gjennom jamstellingsvedtaka mellom nynorsk og bokmål frå slutten av 1800-talet. Sjølv om mange vil argumentere med at nynorsk og bokmål berre er to skriftlege variantar av eitt å same språk, representerer dei likevel to ulike skriftspråklege uttrykksmåtar som krev at elevane har grunnleggande forståing for at noko kan uttrykkest ulikt på ulike skriftspråk. Opplæring i både nynorsk og bokmål er på den måten eit første steg i framanspråkopplæringa.

Skolen viktig i å skaffe nynorske førebilete

I kompetansemåla for grunnskolen står det eksplisitt at elevane skal lære å uttrykke seg skriftleg på både bokmål og nynorsk. Svara frå undersøkinga tyder på at elevar utan nynorsk som opplæringsmål treng noko hjelp i å få auge på nynorsken.

I situasjonar der skolen kan gjøre aktive val, kan ein derfor vurdere å ha nynorsken med på laget, i val av språk på læringsplattforma, bruk av eksempeltekstar og programvare. I slike situasjonar vil det å velje den nynorske varianten vere med på å eksponere elevane for meir nynorsk, trenere dei opp i å sjå nynorske ordbilete slik at dei til slutt lærer seg å skrive nynorsk.

KJELDER:

Bakgrunnstal frå masteroppgåve ved Ivar Aasen-instituttet 2009
(SSB) Norsk mediebarometer 2007: <http://www.ssb.no/emner/07/02/30/medie/>
Om nabospråk: <http://www.forskning.no/artikler/2004/januar/1073896666.77>
(Europarådet, 2003-2004) Language Education Policy Profile:
http://www.coe.int/T/DG4/Linguistic/Source/Profile_Norway_EN.pdf

Høgtlesing på nynorsk

Av Anne Steinsvik Nordal

I norsk skule har ein lang tradisjon for høgtlesing i undervisninga. Frå mi eiga tid som elev hugsar eg at høgtlesing var brukt i mange fag. Det var svært spennande når læraren las bloddryppande forteljingar frå Snorre, når vi såg lysbilete av alle slag ormar og slangar som fanst i naturen og han las og fortalte korleis dei levde. Innlevinga var sterk, alle var knyststille og eg hugsar eg drog føtene opp på stolsete fordi eg førestilte meg at dei farlege ormane låg under stolen.

Læraren vår las ofte høgt for oss, og ikkje berre i norskfaget, men i historie, kristendom som det då heitte, naturfag og andre fag. Ved gjennomgang av nytt stoff var høgtlesing av heimelekse ein vanleg arbeidsmåte. Læraren demonstrerte uttalen og forklarte enkeltord og omgrep, og med samtal og spørsmål vart teksta sett inn i ein samanheng.

I dei siste åra har ein hatt fleire lesekampanjar i skulen. Testar har vist at norske elevar ikkje er mellom dei beste lesarane internasjonalt, og at motivasjonen for lesing er låg hos mange elevar. Kanskje er høgtlesing for lite vektlagt i moderne leseopplæring? Ei gransking frå 2007 viser at fagtekster vert svært sjeldan lesne som fellestekster, og at det går føre seg lite modellering av tekst i klasserommet i dag (Maagerøe og Skjelbred, 2007). Lærarerfaring med høgtlesing i klasseromet har vist at det både er populært og motiverande, og foreldre og lærarar har ofte opplevd kor lett barn hugsar det dei høyrer opplese.


I læreplanen Kunnskapsløftet 06, under kompetanseområdet etter 10. årstrinn i norskfaget, står det at målet for opplæringa er at elevane skal kunne: *lese og skrive tekster i ulike sjangere, både skjønnlitterære og sakspregede på bokmål og nynorsk.*

I denne samanheng vil eg legge vekt på at elevane skal kunne «lese nynorsk», både skjønnlitterære og sakprega tekster, og at lesing også inkluderer høgtlesing. Å lese nynorsk i ulike sjangrar, er altså ein del av kompetanseområda. Høgtlesing høyrer til i to av dei grunnleggande ferdigheitene som skal prioriterast i alle fag: *å uttrykke seg munnleg og å kunne lese.* Høgtlesing på begge målformer og i alle fag, burde vere meir vektlagt i opplæringa. Dei nasjonale prøvene i lesing inneholder tekster på begge målformer, og allsidig tilnærming til lesing, varierte arbeidsmåtar og bruk av ulike strategiar ved lesing av fagtekster er naudsynt for å betre leseferdigheitene.

Høgtlesing før

Tidlegare læreplanar har vore meir tydlege med krav til høgtlesing. *Normalplanen for folkeskolen* frå 1939, som med små endringar gjaldt heilt fram til 1960, innførte minstekrav i dei ulike faga. Målet for lesing i norskfaget var «å lære barna å lese både bokmål og nynorsk med tydeleg uttale og noenlunde riktig betoning, å forstå og gjensi det de leser og kunne skaffe seg kunnskaper ved lesing» (Normalplanen 1957:46). Minstekrava i lesing gjekk på lesefart og oppfatning av innhaldet. Det var også krav om at elevane skulle lese eit viss sidetal på begge målformer. Ein tredel av lesetekstene skulle vere på sidemålet.

Etter *Mønsterplan for grunnskolen* frå 1974 skulle elevane møte sidemålet gjennom lesing i 7. klasse. Planen har eit eige kapittel om opplæring i sidemål, og her er det lagt vekt på at elevane tidleg må få høre at læraren les for dei på sidemålet, og at dei har eit godt utval av tekster og bøker på sidemålet til bruk i eiga lesing. Det vert rådd til at elevane bør få «velje å lese somme lærebøker på sidemålet», og at dei tek språket i bruk skriftleg i eige tempo. Lesing på sidemålet vart på denne måten ikkje avgrensa til lesetekster i norskfaget.



Høgtlesing no

- Læraren si høgtlesing

Burde ikkje slike krav til elevar og lærarar vere grunnleggande også i moderne leseopplæring? Om læraren les nynorske fagtekster høgt for elevane, vil han vere ein modell for korleis nynorske tekster i ulike sjangrar skal lesast. Elevane vil då verte vande til å høre nynorsk og korleis orda skal uttalast. I denne samanhengen er det viktig at ein snakkar om forskjell og likskap mellom nynorsk og bokmål, slik at elevane tidleg vert medvitne om at me har to målformer, at dei er gjensidig forståelege, men at ein må kjenne særdraga ved begge målformene. I samband med høgtlesing er det også naturleg at lærar og elevar reflekterer over forskjellen på opplesing og forteljing, på skriftspråk, talespråk og dialekt (jf. munnlege tekster i LK06).

Mange lærarar og foreldre som har elevar eller born med nynorsk som hovudmål, ser seg ofte nøydde til å simultanomsetje tekster fra bokmål til nynorsk når dei les høgt, fordi det er så få bøker for barn og unge på nynorsk. For dei som har bokmål som hovudmål er det heilt annleis, dei får sjeldan høre nynorsk opplese og treng erfaring med både å høre og lese (sjå!) nynorske tekster.

- Elevane si høgtlesing

- Elevane bør tidleg få høve til å lese tekster høgt for andre, men dei må lære å førebu seg godt, gjerne ved at læraren først les gjennom teksta høgt. Kanskje kan gutar verte meir interesserte i lesing dersom saktekster vert meir brukt i slike samanhengar? Det å få all merksemrd retta mot seg sjølv er ein nyttig erfaring, som i starten kan vere vanskeleg å takle for somme elevar. Som øving til å lese for heile klassa, kan dei lese i kor, dei kan lese to og to for kvarandre og dei kan lese for mindre grupper som vert større etter kvart. Læraren må legge forholda til rette og begynne med korte og enkle tekster. For mange er det å lese frå eit manus den minst krevjande måten å framføre tekst på, og det er stort utviklingspotensiale i høgtlesinga frå dei første famlande forsøk til å lese med forståing og innleiving (sjå filmen om Haugtussa på dvd-en.) Slik kan høgtlesing utført av elevane vere eit godt grunnlag for seinare munnlege framföringar som presentasjonar, forklaringar og demonstrasjonar.

Å kunne lese tekster høgt for eit publikum er noko dei fleste har bruk for. Tenk berre på foreldre, besteforeldre, tanter og onklar som gjerne les høgt for barn. Å lese opp ei tekst til andre, som til dømes referat på eit møte, å lese høgt frå avis, å lese opp eit dikt eller ei tale, er situasjonar dei fleste kjem bort i. Har ein lært om høgtlesing og framføring av skriftleg tekst vil ein vere tryggare i situasjonen. Å lese nynorsk høgt kan vere vanskelegare for dei som har bokmål som opplæringsmål, men då er det viktig at ein øver spesielt på det i opplæringa..

Varierte nynorsktekster

Avbrot i opplesinga er meir naturleg når ein les fagtekster enn når ein les skjønnlitterær tekst. Spørsmål, kommentarar og forklaringar underveis i lesinga kan gjere teksta lettare tilgjengeleg, skape interesse og knyte innhaldet til det elevane kan frå før. Opplesing av fagtekster krev at læraren har planlagt og tenkt gjennom framføringa på førehand slik at han veit kva som er viktig å få fram i teksta, og kva han må ta med i tillegg.

Å vise illustrasjonar og biletet til fagtekster verkar annleis enn til skjønnlitterære tekster fordi dei vanlegvis ikkje har den same appellen til fantasi og medskaping. Å lese bileta og illustrasjonane i fagtekster er sjølv sagt ein del av lesinga. Læreplanen understrekar at grunnleggjande ferdigheter i samfunnsfag er

- Å kunne lese vil samtidig seie å behandle og bruke variert informasjon frå biletet, film, teikningar, grafar, tabellar, globus og kart. For å forstå og delta aktivt i samfunnet ein lever i, er det òg nødvendig å kunne lese og samle informasjon frå oppslagsverk, aviser og Internett og vurdere dette kritisk. (LK06:120)

Og då må læraren undervise slik at han viser elevane korleis ein les og arbeider med informasjon frå samansette tekster.

Lydbøker er også eit alternativ, og når forfattaren sjølv eller ein dyktige skodespelarar les, tilfører dei ofte teksta ein ny dimensjon. Å tilrå lydbøker som elevane kan høre i fritida, er også ein måte å venje dei til å høre opplesen nynorsk på.

Å kjøpe inn nokre eksemplar av nye ulike lærebøker (frå forskjellige forlag) til skulebiblioteket for å skaffe elevane meir variert fagstoff på nynorsk, er ein god ide. Ein vil då ha eit større spekter av nye fagbøker på nynorsk som kan brukast både til oppslagsbøker og lesebøker for elevar og lærarar.

Nynorsk tekst på skjermen er ein læringsressurs som kan brukast aktivt. Nynorsk tekst på utanlandske program og opplesen nynorsk til dømes i nyheitssendingar, kan brukast til analyse og samanlikning av nynorsk/bokmål, nynorsk/engelsk, nynorsk/tysk og så vidare. Nyheitssendingane i NRK har lang tradisjon for «normert» uttale på nynorsk. Å la elevane høre og sjå (tekst) på nyheitssendingane for å leggje merke til og lære nynorsk kan vere bevisstgjerande og aktuelt.

I framtida kan lydbøker der teksta er synleg på skjerm, som i eit karaokeopplegg, verte tilgjengeleg som læremiddel. Då kan ein høre teksta opplesen og sjå korleis orda ser ut samtidig. I multimodale tekster finst det mange høve til å leggje inn bilete, animasjonar og klikkpunkt til utvidingar og opplysningar om teksta. I det heile er lesing av multimodale tekster eit område som nok er for lite brukt i skulen (jf. *Skolens digitale tilstand – ITU Monitor 2009*), men som kan skape ekstra motivasjon og lyst til å lese for både små og store. Å ta i bruk moderne tekstformer er ikkje minst viktig for at både barn og vaksne skal vert motiverte til å lese meir nynorsk.

Kvífor skal ein lese nynorsk tekster høgt for elevane

- Fordi å lese nynorsk etter lystprinsippet er viktig i opplæringssamanhang.
- For å venje elevane til å høre ulike former for norsk opplese.
- For at elevane skal ha kompetente lesemodellar for å støtte lese- og skriveforsøk i førskule- og skulealder. Læraren må vere modell for god lesing og gode lesestrategiar.

- Fordi læraren slik kan gjere elevane kjende med den skriftspråklege kulturen på nynorsk. På den måten vert dei medlemmer av eit større skriftspråksamfunn enn om dei hører berre bokmål. Nynorsktekster er ein del av dei kulturberande tekstene som hører med i vår felles kulturarv.
- For å fokusere på likskap og forskjell på opplesing av bokmål og nynorsk.
- For å samtale med elevane om ulike lydar i talespråk (trening av fonologisk medvit)
- For å vise at oppleving og leselyst vert like godt stimulert av å høre nynorsk tekstu som bokmål. Å skape interesse, glede, spenning og leselyst er grunnlaget for all framtidig lesing.
- Fellesoppleving av tekster.
- Lettare veg til faglitteratur og skjønnlitteratur på nynorsk.



KJELDER:

Maagerøe, Eva og Dagrun Skjelbred, 2008:
I Askeland, N. og C. Falck-Ytter: *Nynorsk på nytt* (s81). Fagbokforlaget.LNU.2009

ITU Monitor 2009 – *Skolens digitale tilstand*
(<http://www.itu.no/ITU+Monitor+2009+-+Skolens+digitale+tilstand.9UFRDG0f.ips>)

Lindbäck, Sven Oscar 2003: <http://www.elevsiden.no/lesing/1098246846>

KUF (1996). *Læreplanverket for den 10-årig grunnskolen*. Nasjonalt Læremiddelsenter 1996.

<http://www.udir.no/Tema/Læreplaner/>

Læreplan for forsøk med 9-årig skole, 1959

Normalplan for folkeskolen frå 1939

Mønsterplan for grunnskolen frå 1974

Les for meg! på nynorsk

Av Irene Garnes Hareide Sigrun Meisingset Ingrid Slettevoll Gunnar Strøm



For å gjere barn til deltagarar i ein felles og mangfaldig kultur må vi passe på at elevane heilt frå 1.klasse får møte nyare nynorsk litteratur gjennom det nynorske språket i form av høgtlesing og ikkje berre som gjenforteljing. Slike tekster må vere ein sjølvskriven del av det daglege arbeidet og aktivitetane i skulen. Dei skal vere ein del av skulekulturen. Men skal dette skje, er det viktig at nynorske tekster vert presenterte på ein spennande og god måte. Leik og skapande aktivitetar er grunnleggjande uttrykksformer som barna er kjende med. Vi kan aktualisere litteratur og språk ved å nytte eit formspråk som tiltalar elevane og som dei føler seg heime i. I staden for berre å setje ord på kva vi forstår, skaper vi konkrete uttrykk som vi kan samtale og reflektere over. Tekstene må bli våre eigne. Ein litteraturredidaktikk som legg forståing til grunn, vil måtte innebere ei form for interaksjon mellom tekst og elev. Oppgåva vår blir ikkje å hente mening ut av teksta, men å gjere eleven til ein aktør der han har ei medskapande rolle i å konstruere mening.

Antologien *Les for meg!*

I samfunnet vårt, der barnehage og skule har ansvar for å styrke den kulturelle og språklege identiteten til barna, er det viktig å velje tekstar til høgtlesing som speglar det språklege mangfaldet i landet vårt. Eit slikt utval av tekstar på nynorsk er no samla i antologien *Les for meg!* og skal vere å finne i alle barneskular og barnehagar.

Les for meg! har som mål å løfte fram moderne nynorsk barnelitteratur med tekstar frå ulike forfattarar, sjangrar, tema og språkuttrykk. –Utvælet i denne samlinga har ein direkte appell,

seier redaktør for boka, Petra J. Helgesen.

Det har vore viktig å finne litteratur som ein kan gripe tak i med det same, forteljingar og slikt som ein ler av, som ein blir engasjert av, og som ein får lyst til å snakke om.

Kva må til for at teksten skal nå fram til borna? Dette spørsmålet vil bli sett lys på frå tre ulike perspektiv. Med utgangspunkt i tekstar frå antologien *Les for meg!* har ulike fagmiljø ved Høgskulen i Volda utveksla idear og gått inn i prosessen med å analysere og tolke tekstar med formidling og meiningskaping som mål. Som litteraturvitar og høgskulelektor i norsk i lærarutdanninga vil Irene Garnes Hareide gjennom eit eksempel på analyse sjå på kva kvalitetar ho finn i teksten som gjer at han passar til høgtlesing for barn. Sigrun Meisingset som er høgskulelektor i drama/teater, tek for seg kva som kjenneteiknar ein god høgtlesar. Gunnar Strøm, førsteamamuensis i mediefag, gir smakebitar av arbeidet med å gjere skriftlege tekstar multimodale i prosjektet «Høyr og sjå!».

Teksttolking som basis for høgtlesing (Irene Garnes Hareide)

Ei god høgtlesingsstund er avhengig av at læraren kan formidle teksten på ein levande måte, slik at borna kan få danne seg indre bilet av det som skjer. Dette krev at læraren kjenner teksten godt, og kan legge si eiga tolking til grunn for formidlinga. I tillegg er det slik at somme tekstar har kvalitetar som gjer dei lettare å levandegjere enn andre, og når det gjeld høgtlesing, er særleg bildeskapande og rytmiske kvalitetar avgjerande. Ein god måte å bli kjent med ein tekst på er å analysere den; ved å lese eit utdrag av ein tekst grundig og sakte, kan ein bli meir bevisst på korleis den vekslar mellom ulike stemningar, og korleis språket skaper bilete som vi kan gjere om til våre eigne indre bilete. Samtidig kan ein bli meir bevisst på kva det er ved teksten som rører eller engasjerer, altså si eiga tolking av teksten.

Eg vil her analysere innleiinga til boka *Guten og stjerna*¹ som er skiven av Barbro Lindgren (1993) og omsett av Marit Tusvik, og tanken er at min analyse kan ha ein overføringsverdi for læraren som skal vurdere bøker med tanke på høgtlesing.

Magien i teksten

La oss starte med å sjå kva teksten talar til oss om. Den første sida i boka skildrar korleis ein liten gut og ein liten hest kjem til verda i eit sirkus i same stjerneklaare natt. Det rår ei magisk stemning mellom sirkusvognene denne natta, og dei to fødslane skaper stor glede. «Å for ein eit nydeleg barn!» og «Å for ein nydeleg hest!», seier alle sirkusartistane, og undrar seg over at guten og hesten kom til verda nett den same natta.

Fødsel, det å kome inn i livet, er jo eit under, og eg vil tru at det er eit tema menneske i alle aldrar kan engasjere seg i. Teksten har det å kome til verda som motiv, og det same motivet finn vi att i juleevangeliet, som er ei av grunnforteljingane i mange kulturar i verda. Vi ser at det er fleire likskapar mellom forteljinga Guten og stjerna og juleevangeliet: Vi har eit barn som blir fødd, miljøet minner om stallen i Betlehem, og vi har to stjerner som blir tent, slik Betlehemsstjerna vart tent i julenatta. I vår kultur veit vi jo berre om eitt menneske som har fått ei stjerne tent ved fødselen sin, og når vi får assosiasjonar til barnet i krybba, skaper dette ei forventing om at det er noko spesielt ved dei to som blir fødde. Assosiasjonane til den bibelske forteljinga er med på å skape ei nærast magisk stemning.

Den magiske stemninga blir forsterka ved at det her er eit sirkus som er staden der handlinga utspelar seg. Eit sirkus har jo ein eigen aura av magi, særleg for barn. Eit sirkus er liksom litt i grenseland mellom det magiske og det vanlege livet; sirkus finst jo og er såleis ein realitet, men samstundes er det å gå på sirkus som å entre ei verd som ikkje følgjer dei reglane og normene som pregar samfunnet elles.

Sirkuset er som eit parallelt univers, der akrobatikk, leik og det spektakulære får utfalde seg.

Det magiske stoppar ikkje her. For det er, som alle sirkusartistane påpeiker, eit merkeleg samantreff at ein liten gut og ein liten hest blir fødde akkurat den same natta. Ved å peike på dette som eit underleg samantreff, opnar teksten for undring, både omkring denne fødselen og det underet ein fødsel i seg sjølv er. Ikkje minst får dette samanfallset oss til å bli nysgjerrige på kven dei to er, denne guten og hesten. Slik meiner eg at denne teksten drar oss inn i noko som vi kan oppleve som verdifullt og viktig. Fantasien vår løftar oss inn i ei ny verd, og vi ønskjer å lese vidare, vi ønskjer å få vere med på det som vidare skjer.

Språkleg utforming

Innhaldet i ei forteljing er alltid knytt til korleis det blir fortalt, altså korleis den språklege utforminga er. Forteljinga opnar med ei visuell skildring: «Ei natt, det er ei mørk og fredeleg natt med himmelen full av stjerner.» Vi ser at ordet natt blir repetert, noko som gjer at ordet utmerkar seg, og vi ser for oss nattemørker og stjerner. Den neste setninga kombinerer det visuelle med ei skildring av lyd: «Sirkusteltet er tomt og stille.» Vi kan sjå det for oss og ane stemninga, ikkje sant? Her er berre to setningar brukta, men biletet av det tomme stille sirkusteltet under stjerner er allereie eit heilt lite univers.

Det neste ordet som blir repetert er ordet «sove», og måten det blir brukt på bremsar opp tempoet i teksten: I staden for å ramse opp alle som sov i ei einaste lang rekke, tar teksten seg god tid og dveler ved dei einskilde dyra og personane: «No sov løva og elefant, kamelen og apa. Pytonslangen og utbrytarkongen sov. Verdas minste mann sov og Løvetemjaren og Klovnen og Sirkusdirektören, alle sov.» Bruken av korte setningar og repetisjon bremsar opp tempoet, noko som forsterkar den rolege stemninga som blir skildra, og vi får tid til å sjå for oss at både pytonslangen

¹ Eg blei inspirert til å analysere denne teksten etter å ha lese Ingeborg Mjør sin artikkel «Les for meg! Litteraturformidling i barnehagen og det vanskelege kvalitetssomgrepet» (Mjør 2003: 133-144). Her skriv ho at Guten og stjerna er ein tekst med «eit språk som det er ei stor glede å lesa høgt for barn, og som krev særleg konsestrasjon» (2003: 139), og eg fekk lyst til å utforske kva det er ved språket som gjer dette til ein god høgtlesingstekst.

Kor er eigentle
det der utland

og klovenn og alle dei andre ser ut når dei ligg og sov. Medan vi har dette biletet på netthinna får vi så eit markant brot i den harmoniske stemninga: Vi får vite at det er lys i ei av vognene. Dette skaper forventning. Kva skjer i vogna der lyset er tent?

Teksten fangar oss

Opninga på denne forteljinga *Guten og stjerna* utmerkar seg også ved at den er så fint komponert. Den er som ei lita avslutta forteljing, sjølv om den berre går over ei einaste side. Den har ei spenningskurve som startar med ei harmonisk stemning med sovn og stille under stjerner, til ei stor og dramatisk hending då guten og hesten kjem til verda, og så tilbake til sovn og ro igjen, men då altså med to nye «personar» på jorda og to nye stjerner på himmelen. I løpet av den første sida har fortattaren her klart å fange oss inn. Eg blir i alle fall fasinert av stemninga og eg klarer å leve meg inn denne magiske sirkusverda. Like viktig er det at eg får lyst til å lese meir om guten og den vesle hesten som blir fødde same natt. Eg får lyst til vite meir om dei, bli betre kjent med dei, og dette er nok fordi teksten har klart å skape ei forventning om at dette er ein heilt spesiell liten gut og ein heilt spesiell liten hest.

Analysen lar meg kome nær teksten, og ved å lese dette tekstutdraget grundig og sakte som her, blir eg meir bevisst på korleis den bildeskapande krafta i teksten, rytmen i språket og den heilskaplege komposisjonen til saman skaper ein tekst med ei undrande og magisk stemning. Analysen har gjort ein ukjent tekst kjent, og fordi eg no kjenner teksten, vil eg lettare kunne bruke stemma mi og kroppsspråket for å formidle mi tolking til dei eg skal lese teksten for. Eg veit at eg vil freiste å få fram både magien og undringa. Og eg veit at eg kan stole på at tekstens bilete har styrke til å setje fantasien i sving. Då er det berre å starte, med låg og kanskje litt løyndomsfull stemme: «Ei natt, det er ei mørk og fredeleg natt, med himmelen full av stjerner.»

Frå tekst til kunstnarisk aktivitet

(Sigrun Meisingset)

Ein tekstanalyse kan vere første steget i prosessen med å tolke og formidle bodskapen i ein tekst for barn. Teksten som eg referer til her er utdrag frå *Dustefjerten og den store sommarferieturen* av Rune Belsvik.

Det er viktig med god tilrettelegging for opplesing i skulen. Ein skal klargjere rommet og vere seg medviten om kvar ein vil at barna skal sitje og kva for plassering ein sjølv vil ha. Det er etter mi mening også viktig at det ikkje er forstyrrande visuelle faktorar som uroar konsentrasjonen. Barn vert på same måte som vaksne påverka av korleis rommet som ein kjem inn i, ser ut. Ein må ha ro, kunne sleppe andre tankar fri, konsentrere seg om og leve seg inn i forteljinga. Lesaren må kunne gjere forteljinga til si eiga og må trene evna til å sjå for seg indre bilete. Tilhøyraren skal sjølv få skape sine eigne indre bilete, men lesaren må legge til rette for dette. Dei indre bileta er utgangspunktet for korleis ein les.

Dette rører ved eit anna aspekt ved opplesungsstunder for barn. Skal ein stoppe opp og forklare ord, skal ein tillate at barn kjem med kommentarar eller spørsmål? Det er vel ingen fasitsvar på dette. Det vi veit, er at sjølv om barn ikkje skjønar alle orda, følgjer dei godt med i forteljinga. Det kjem også an på korleis ein førebud opplesinga. Ord og uttrykk kan takast opp før ein startar. Men mange erfarte opplesarar meiner at god opplesing så vel som god forteljing kan både vinne og halde fast merksemda til barn og vaksne sjølv om nokre ord er ukjende. På den måten blir høgtlesing også ein måte å trenere seg på å skape meininger frå samanhengen, slik ein må gjøre når ein les sjølv.

Eg meiner at det heller ikkje er sjølvsagt at vi alltid skal vise elevane bilete medan vi les. I boka *Les for meg!* er det mange flotte illustrasjonar og bilete.

Bollefisen,

leg
ndet?

Da eg las tekster for elevar på 1. trinn, valde eg å ikkje vise fram bileta. Grunnen til det var at eg ville lese tekstene utan avbrot og at elevane sjølv skulle få skape sine eigne indre bilet. Elevane fekk sjå bileta etterpå da vi hadde ein samtale om og repetisjon av forteljinga. Dette stiller seg sjølv sagt annleis om det er ei biletbok der tekstu og biletet saman utgjer tekstu.

I opplesinga ligg også ei tolking av tekstu. Om det verkeleg er synd i Bollefisen, eller om det ligg eit sjølvmedlidande komisk drag i figuren, kan lesaren få det fram ved formidlingsuttrykket. Det viktigaste verkemiddelet ein har som høgtlesar er variasjon i måten å bruke stemma på. Ein må eksperimentere og øve seg på korleis tonefall, stemmeleie og styrke kan gi uttrykk for dei indre biletene. Ein må gjere seg opp ei mening om i kva grad ein vil imitere ulike figurar eller ikkje. Korleis kan ein gjennom stemma levandegjere Bollefisen? Korleis få fram skilnaden mellom Dustefjerten og Bollefisen ved variasjon i stemmeleie? Tempo og rytme i opplesinga er viktige element. Belsvik brukar gjentaking som verkemiddel i tekstu på ulike måtar. Til dømes er *sommar* brukt i ulike samansettningar som *sommarpudding*, *sommarsøvn*, *sommarsnø* etc. Dette er assosiative, fantasirike og morosame ord som kan forsterkast ved stemme- og rytmevariasjonar. Korleis greier ein ved hjelp av slike enkle verkemiddel å skape spenning, byggje opp til høgdepunkt, men òg roe opplesinga ned slik at ein kan dvele ved situasjonar? Korleis kan setninga: «Bollefisen strålte ikkje,» seiast så nøkternt, kaldt og taktfast at ho blir ein kontrast til desse strålande sommarassosiasjonsorda? Det er denne vekslinga mellom spenning og avspenning som held interessa ved like og gjer at vi får lyst til å følgje med.

Pausar er eit effektivt verkemiddel i opplesinga. Pausar kan skape skjerpa merksemld om dei er rett plasserte og kan gi tilhøyrarane ro til å skape sine eigne indre bilet og fantasere over kva som no skjer vidare i tekstu. Sjølv om lesaren sit med ei bok fram-


for seg, kan ein dersom ein er godt førebudd, bruke blikket til både å skape spenning, til å levandegjere det som skjer og til å få god kontakt med barna. På same måte kan gestar og rørsler øvast inn. Vi veit at kroppsspråk appellerer sterkt til barn og derfor er eit viktig verkemiddel i kommunikasjonen med eit barnepublikum. Ei bok i handa set sine grenser for rørsler. Likevel kan små fysiske uttrykk nyttast til å understreke og vidareutvikle tekstu. Dei kan tilføre noko nytt til orda. Mimikken kan gi tekstu sterkare kjensleinhald.

Læraren er viktig i skulen. Han eller ho er modell for elevane. Vil læraren vise lesegleda ved formidlinga, vil dette smitte over på elevane.

Frå tekst til handling.

Tekstu skal setjast inn i ein samanheng og elevane skal få kome til orde med sine tankar og meningar. Etter høgtlesinga kan vi ha ein samtale med elevane om kva dei har hørt, korleis stemmebruken fekk fram mening, og vi kan prøve å trekkje linjer til samtalen før lesinga.

Meining kan produserast ved å gjere noko, ved å vere nokon og ved måtar å seie noko på. Vi kan gå inn i ulike samhandlingar og gjennom deltaking og refleksjon skape mening. Slike samhandlings-situasjonar finn ein i rik mon ved å ta i bruk drama og teater med rom for ulike roller med ulike register. Å aktivisere fleire sansar hos elevane og la elevane sjølv få bruke estetiske uttrykk i møte med lesinga, vil vere verdifulle bidrag i arbeidet med å stimulere lesegleda og til å konstruere mening. Meininga ligg ikkje i dei skrivne orda, men i dei tolkingane eleven gjer.



Ei lita praksisforteljing

Vi dramatiserte delar av Belsvik si tekst på 1. trinn. Til dømes var den korte dialogen mellom andungen og Bollefisen som ligg under senga, grei å gjennomføre. Vi brukte pultar som seng og heile lytekroken vart Bollefisen sin heim. Andungen kjem springande inn, og med høg, skingrande stemme ropar han: «Bollefisen, Bollefisen!» Ingen svarar. Andungen ser seg rundt og leitar med augo. Så ropar han endå kraftigare: «Bollefisen, Bollefisen, kvar er du?» Bollefisen svarar med si tunge og triste stemme: «Ja, her er eg.» Dette var ein enkel sekvens å gjere. Det er lett for læraren å organisere, og elevane kan få prøve seg etter tur. I byrjinga apar dei etter læraren og kvarandre, etter ei stund utviklar dei spelet sitt vidare.

Korleis såg det eigentleg ut heime hos Bollefisen, korleis såg det ut der Dustefjerten stod med ploppsteinane sine eller i bakeriet til Kavringgreven? Etter ein oppsummerande samtale gjekk elevane i grupper og saman laga dei miljøet med banankassar. Dei brukte naturmateriale som mose, steinar og kongler, dei hadde målesaker, strengbitar, leireklumper, oppklipte tyfiller, papp- og papirstykke. I ein slik formingsprosess er det interessant å sjå korleis elevane samhandlar. Dei brukar omgrep frå teksta i kommunikasjonen, dei formidlar til kvarandre eit heilt lite rollespel etter kvart som dei ulike figurane utviklar seg inni hovudet til kvar einskild elev, dei gir kvarandre instruksar, dei planlegg og drøftar resultat. Til slutt hadde vi ein samtale om kva dei hadde laga. Ord og uttrykk vart skrivne opp på tavla,

og da elevane etterpå skulle få skrive til kvart biletet, kunne dei bruke tavla som ordliste, noko som fleire gjorde. Her stod ord som Dustefjerten, poppelstein, bekken, Bollefisen speglar seg, seng, skjorte-pute-trekk-duk-gardina, konditori, kake, sjokolade, bolle. Det var stor skilnad på korleis elevane skrev.

Nokre brukte berre einskildord, andre skreiv samanhengande tekst av små korte forteljingar der dei dikta vidare ut frå miljøet dei hadde laga.

Animasjonsfilmar

(Gunnar Strøm)

I Norden har vi ein lang tradisjon for å lage animasjonsfilmar basert på etablerte bildebøker. Svenske *Albert Åberg* og finske *Jason* er to klassiske eksempel. I Noreg har Kine Aune laga animasjonsfilm av fleire av Fam Ekmans bildebøker. Anita Killi har gjort stor suksess med sine utsøkte cut-out-animasjonar basert på bildebok-forlegg, no sist med si tolking av Gro Dahles *Sinna Mann* (2009). På ei eiga heimeside med utgangspunkt i *Les for meg!*, vil ein finne ulike filmar og multimodale tekstar, www.nynorsksenteret.no/lesfor meg/. Sida er fritt tilgjengeleg og vi trur at den vil bli ein stimulans både i å bruke boka *Les for meg!* i barnehage og småskule og til å arbeide vidare med tekstane i boka.

Filmane er ein del av prosjektet *Høyr og Sjå!* som Høgskulen i Volda driv saman med Høydal Fjernsynsproduksjon. Målet er å produsere korte audiovisuelle tekstar som skal vere med på å stimulere språkutviklinga hos små barn. Så langt har vi i hovudsak arbeidd med å utvikle samansette tekstar basert på *Flekkmonsteret*. Alle dei ulike karakterane i bildeboka har blitt animerte i korte sekvensar der karaktertrekka ved dei ulike figurane blir framheva. Ved å trykke på bilde av dei ulike karakterane som ligg på vevstaden vil ungane kunne fryde seg over at karakterane får liv. Og vi trur at desse animerte illustrasjonane vil inspirere barna til å gjenfortelje

og leike vidare med historia om Flekkmonsteret.

Dei kan skrive ut animasjonane teikning for teikning og lage flipp-bok av dei enkelte karakterane. Slik vil dei både få eit nærmare forhold til karakterane i historia og auka forståing for korleis teiknefilm blir laga. Vi vil nytte lydbok-versjonen av *Flekkmonsteret bygger harefelle* til å gi barn i bokmålsmiljø sjansen til å høre boka lesen på elegant nynorsk.

Det velrenomerte animasjonsstudioet Mikrofilm (vann Oscar for *Den danske dikteren* av Torill Kove) har laga ein ganske fri versjon av Marit Tusviks dikt «Kra Kra» der Kråkebolle-Billy sjonglerer med ulike ord og gjenstandar og leikar seg med ordkonstruksjonar. Dette er ein klar appell til ungane om å lage tilsvarande samansette ord og leike seg med språket. Dette er den første filmen i ein serie av slike småfilmar som vil vere moderne parallellear til dei små animasjonsfilmane NRK synte for nokre tiår sidan i *Sesam Stasjon*. (Filmen finn du på dvd-en.)

KJELDER:

Dahle, G og Nyhus, S. (2003): *Sinna mann*, Cappelen
Mjør, I. (2003) «*Les for meg!* Litteraturformidling i barnehagen og det vanskelige kvalitetssomgrepet». Mjør, I. (red.) (2003) Kulturbarnehagen. Oslo, Det Norske Samlaget.
Les for meg! Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.

To strekar under høgtlesing.

Intervju med Maria Parr

Av Janne Karin Støylen



FOTO: Sølvi Brudevoll

Tonje Glimmerdal er det einaste barnet i Glimmerdal. Bestevennen til Tonje er Gunnvald på 74 år.
–Tenk å vere bestevenn med ein slik gammal staur, seier Tonje i tunge stunder. –Det er min santen eit dårleg utval vi har her i Glimmerdal. Men inst inne veit Tonje at Gunnvald hadde vore bestevennen hennar om det så budde ti år gamle barn på kvar einaste tue i heile dalen. –Kva skulle du gjort utan meg Gunnvald, spør Tonje ofte.
–Då hadde eg grave meg ned og sjølvdauda, svarar Gunnvald.

Ein kjenner det med ein gong. Ser det utanpå. Merkar det i første setninga. Stemninga, kvaliteten, det unike. Lågmælt smiler og nikkar dei som har fått lese før meg. Og visst at ho har skrive ei ny bok, minst like god, men annleis og sjølvstendig frå den forrige. Endå fleire torer å nemne Astrid Lindgren no. Det kan dei gjerne gjere. Men dette er ikkje Astrid Lindgren. Dette er Maria Parr.

–Har du fått boka mi? spør ho glad. –Sant den er fin? Eg lurar på om det har vore vanskeleg å skrive denne andre boka. Maria Parr debuterte med *Vaffelhjarte* i 2005. Boka vart motteken med gledesstrålande kritikkar, prisar, omsettingar, og tallause spørsmål om å skulebesøk og lesestunder. –Nei, eg var aldri redd for at eg ikkje skulle greie det, om det er det du meiner. Men det har teke tid å skrive fram karakterane. Trille og Lena har vore med meg i åresvis. Eg dikta dei opp då eg var lita sjølv. Tonje heitte faktisk først Tore, ler ho,

–Eg diktar, skjønar du. Alle har noko dei grip til for å få avveksling og overskot, for å bli glade. Nokre spring på fjellet eller bygger garasje, folk strikkar, les og syklar. Alt muleg. Eg diktar. Det har eg gjort så lenge eg kan hugse. Eg lagar karakterar og univers og lever meg inn i ei anna verd.

–Eg har også vakse opp med folk som har vore glade i å dikte og fortelje rundt meg. Det er ein viktig del av familikulturen vår, smiler Maria. Då eg gjekk på skulen fekk eg lov å halde på med dette. Læraren vår, Reidar Vidnes, gav oss ei bok eg ikkje gløymer. Ei forteljebok. Her kunne vi dikte og

skrive i vilden sky, alt vi ville. I denne boka
sette han ingen raudre strekar. Retta ingen skrivefeil.
Det var ikkje alle som ikkje likte det så godt.
Men eg elskar det!

Frå heimkommunen Vanylven har ho med seg jamaldringane Hilde Myklebust og Øystein Vidnes som kritikaroste forfattar-kollegaer. –Det er ikkje slik at gode norsklærarar kan «lage» forfattarar, nei det trur eg ikkje. Men dei kan legge til rette for at talentet og skrivelysta får utvikle seg, slik Reidar Vidnes gjorde for oss. Elles vil eg gjerne vere audmjuk og ikkje så påståeleg i forhold til kva lærarane skal gjere og ikkje gjere i norsktimane. Eg synst eigentleg det er vanskeleg å meine noko om dette, eg er grunnleggande imponert over alt det gode arbeidet som vert gjort i skulen.

Men, seier ho med ettertrykk, dette kan du sitere meg på med to strekar under: Alle born har eit potensiale for å like å bli lest for! Les høgt for ungane, langt opp i ungdomskulen, smiler ho. Sjølv har ho vore på fleire skulebesøk enn ho kan telje dei siste tre åra. –Av og til kjem eg til skular der læraren litt forsiktig prøvar å antyde at det kanskje er ein litt «vanskeleg» klasse eg skal møte. Det vert ofte dei kjekkaste timane. Når elevane torer å opne seg og fortelje sjølve, då kjenner eg at eg får vere med på noko uendeleg fint.

–Eg har aldri opplevd at ungar spør om kva målform eg skriv på, ler Maria, når eg vil inn på dette med å vere nynorsk-skrivande forfattar. –Det er dei vaksne lærarane som lurer på dette. For meg

vil eg seie at det er ei utvida leseopplevelsing å lese høgt på nynorsk, eg kan legge lesinga så nær opp til det muntlege språket mitt at eg nærmast fortel historia heller enn å lese den. Slik trur eg det kan vere for mange, særleg for alle dei som snakkar ein nynorsk-nær dialekt. Det er svært viktig at elevar som skriv nynorsk får lese og høre gode barnebøker på si eiga målform. Skal dei kunne skrive, må dei ha noko å lese! Difor er eg bevisst på at eg gjer noko viktig når eg skriv nynorsk, avsluttar Maria Parr.

Eg tenkjer vi kanskje, denne gongen, for ein gongs skuld skal la nynorsk vere nynorsk. Maria Parr gjer noko viktig når ho skriv. Meir enn nokon gong treng verda gode forteljingar som bergar lukka og feletonane! No har vi to bøker. Med to strekar under.

Magisk medisin må til!

Intervju med Ragnar Hovland

Av Janne Karin Støylen




FOTO: Herborg Pedersen

Eg har kukt saft av ville bringebær. Baka brød med urter frå hagen. Raspa limeskal og blanda med sukker og mørk sjokolade. Håpar menyen er magisk nok til at Ragnar Hovland vil fortelje litt, mellom anna om å omsette *Georgs magiske medisin* til nynorsk.

–Eg likar eigentleg ikkje så godt å snakke med folk, smiler han.

–Men eg blir jo flinkare og flinkare å skrive. Eg likar å tenke at eg endå ikkje har skrive mi beste bok. Difor blir eg også meir og meir kritisk til tekstanane mine, den neste må vere betre enn den forrige. Det tek lengre og lengre tid. Omsettingsarbeid gjev god variasjon, det held skrivinga i gang. Eg arbeider sjølvsagt utfrå originalteksten. Ved sida av ligg også bokmålsutgåva, av og til ser eg etter kva løysingar som har vore brukte. Eg vil helst finne ei betre. Mange seier at eg har lukkast, det er eg svært glad for, fortel han forsiktig.

Ja, Ragnar Hovland har lukkast. Så godt at omsettinga fekk Norsk oversetterforening sin pris Bastianprisen for beste barnebok i 2008. I juryen si grunngjeving heiter det mellom anna:

Vi mener oversettelsen er fremragende av flere grunner:

- Den er trofast mot originalen når det gjelder form, innhold og stilnivå. Den er like leken, like rampete og like absurd poetisk. Det gjelder også de to-tre diktene.
- Den er dristig. Her er det snakk om en ny oversettelse – i en ny målform - av en barnebokklassiker som allerede er kjent og elsket av flere generasjoner norske lesere.
- Den er elegant og sømløs og vitner om en erfaren oversetter med en forfatters kjærlighet til det nynorske språket.
- Den er frisk og morsom og kan fungere som en magisk medisin mot triste hverdager.

Endeleg kan vi altså lese Roald Dahl sin klassikar, høgt og lågt, på eit nynorsk så drivande godt og herleg at det er ei frys! –Du veks for fort, seier bestemor til Georg. Gutar som veks for fort blir dumme og late. Georg gjer aldri noko rett i bestemor sine auge. Ho er faktisk ikkje nokon hyggeleg person. Men no er det best at besta ber til Gud. – Då set vi i gang, ropar Georg og sprett opp frå bordet. –Då skal det bli magisk medisin her!

Så gi meg ein tordivel og ei loppe som hoppar gi meg to sniglar, tre firfirslekroppar og ein slimete orm med ekle vrikk og gifta frå eit biestikk og saft av ei frukt frå eit brystbær-tre og knuste bein frå eit wombat-kne og hundre andre ting må eg ha og ingen luktar særleg bra.

Hausten 2008 kom også *Charlie og sjokoladefabrikken* ut i nynorsk omsetting av Ragnar Hovland. –No hadde eg tenkt at eg skulle ta eit omsettingsfritt år. Men så fekk eg eit tilbod det var uråd å seie nei til. Utpå nyåret skal Ole Lund Kirkegaard sin klassikar *Gummi-Tarzan* vere klar til trykking, fortel Hovland.

Ærast skal også den nynorske barnebokklubb-en Blåmann og redaktør Erle Stokke. Med alle medlemmane i ryggen har ho kunna gå til forlaget Gyldendal og freiste med plass som hovudbok og høgre salstal. Frå før har ho samarbeidd med Cappelen Damm om ei nyutgjeving av *Mio, min Mio* i Tove Bakke si omsetting. –Det kjem til å komme fleire klassikarar på nynorsk, fortel ho lurt.

Eg lurar på om det er heilt uproblematisk og berre bra? Tek dei ikkje plass og merksemdu frå dei nye, gode nynorske bøkene, dei som har etablert kvalitet som eit varemerke? Bøkene som står for ei tiandepart av utgjevingane, men reiser heim med ein tredje-part av litteratur-prisane?

–Dette er viktige og klassiske barnebøker, seier Hovland. Litt Astrid Lindgren og Roald Dahl har vi ikkje vondt av. –Det må til!

Nynorsk inga hindring

Av Ketil Kolstad

Ungdomar set pris på gode leseopplevelingar uavhengig av kva språk boka er skiven på. Dette er konklusjonen til Foreininga !les etter tre års arbeid med UPrisen, ungdomens eigen litteraturpris for nye ungdomsbøker. Heile to av tre vinnarar er bøker på nynorsk.



UPrisen vart skipa i 2007 som eit samarbeid mellom Norsk Litteraturfestival på Lillehammer og Foreininga !les. Målet med prisen var å løfte fram ungdomsboka og gje ungdomar positive møte med ungdomslitteraturen gjennom å anerkjenne dei som reflekterte lesarar.

Det første året vart prosjektet gjennomført lokalt i Oppland og Hedmark med 5 niandeklasser som jury. Berre ei av desse klassene hadde nynorsk som hovudmål. Likevel vann Ingelin Røssland ein soleklar siger med boka *Handgranaateple*.

Elevane som deltek i prosjektet, får rettleiing av ein profesjonell kritikar i leseperioden. Etter prosjektet i 2007, skrev kritikar Guro Fjeldberg følgjande om korleis nynorskteksten vart motteken av elevane: «Elevene i Vågå har nynorsk som hovedmål og har ingen problemer med å lese bokmål. Mange i de andre klassene grua seg til nynorsk boka «Handgranaateple». Her tror jeg det hjelper godt at de elevene som allerede er ferdige med den boka kan fortelle at den slett ikke er noe slit å lese. Tvert i mot har mange allerede uttrykt begeistring for den. Kanskje et tips å gi den boka først til de mest leseglaide jentene?»

Den same boka av Ingelin Røssland var òg med å gjere fordommar mot nynorsken til skamme i Foreininga !les sin tXt-aksjon i 2006.

tXt-aksjonen er den eldste leselystaksjonen i Noreg, og i 2006 fekk 160 000 elevar i ungdomsskulen kvar si pocketbok med utdrag frå ulike bøker. I ei grundig evaluering av aksjonen spurte vi kva slags tekst i boka som elevane likte best. Her fekk nynorske *Handgranaateple* flest stemmer frå både jentene og gutane. Til og med i «nynorskfiendtlege» Oslo, var denne teksten den best likte.



Dei to siste åra har UPrisen vorte gjennomført på nasjonalt nivå i samarbeid med dei fylkesvise avdelingane av Den Kulturelle Skulesekken. Meir enn 200 elevar frå heile landet var i 2009 med å kåra Terje Torkildsen si bok *Marki Marco* til den beste ungdomsboka frå 2008.

Ungdomsjuryen sa sjølv: «Det vi ungdom ser etter i ei god bok er spenning, godt språk, innleiving, uventa hendingar, gode spenningskurver, originalitet og at boka handlar om ungdom. Boka som vann hadde alle desse punkta.» Med andre ord les og vurderer norske ungdomsskuleelevar bøker utan å la seg forstyrre av kva målføre boka er skrive i. Kan det hende at det er norske lærarar og andre litteraturformidlarar som lyt gjere noko med fordommane sine?

Nynorskbøker i bruk

Jakob og Neikob av Kari Stai på 1. trinn

Av Line Feness Armond

KARI STAI: JAKOB OG NEIKOB,
DET NORSKE SAMLAGET, 2008



Presentasjon

Jakob kan berre seie ja og Neikob kan berre seie nei. «Neikob kan seie NEI på hundrevis av språk, til og med.» Dette blir eit problem for dei begge. Jakob får huset sitt fullt av ting og kjem ut for farar, medan Neikob er kjedeleg med alle sine nei. Likevel er det Neikob som reddar dei båe ut av ein farleg situasjon med eit rungande NEI.

Boka om Jakob og Neikob er ei surrealistisk og morosam bok om to stiliserte menneske-liknande figurar som er svært forskjellige. Namna deira leikar med språket, og denne språkleiken blir endå tydelegare når Jakob finn ut at han må stille spørsmål som ei nektande setning for å få Neikob til å svare ja. «Hei Neikob. Du seier vel ikkje nei til ein biltur?»

Boka i bruk

Førlesefasen – bruk tid, skap forventning

For å skape forventningar til boka og sette tankane i sving brukte vi mykje tid før vi las boka. Elevane fekk studere framsida og gje uttrykk for noko dei såg på biletet eller assosiasjonar dei fekk. Eg skrev ned alle orda og setningane og las det høgtideleg opp for elevane som eit dikt. Denne oppgåva var noko alle kunne meistre og på den måten fekk alle eit eigarforhold til boka. Eg sa at dei no hadde vore forfattarar som hadde laga dikt, og vi snakka om forfattarar som dei kjende til. Så måtte forfattarane gje diktet sitt eit namn. Det kom mange gode forslag, og dei klarte til slutt å bli einige om eitt av dei. Deretter las vi opp diktet «Glad hatt» for kvarandre.

GLAD HATT^T

UTE I REGNET.

SLIPS
HATT
SLSYFE
SOL
SOL
GLAD OG SUR.
GLAD FJES OG SUR FJES.

Lesefasen – miljø og samtale

Undervegs i lesinga hadde vi lesestopp kor eg stilte spørsmål og vi undrast saman. I dei litterære samtalane kom elevane sine observasjonar og refleksjonar til syne. For å få alle i tale snakka elevane først saman i toar- eller treargrupper før vi samtala i plenum. I starten brukte eg nokre lukka spørsmål som: «Kor mange lampar har Jakob no?», for å få dei i gang. Deretter brukte eg mest opne, autentiske spørsmål der elevane sjølv måtte reflektere for å finne svar. Elevane vart raskt med på identifikasjonsspørsmål som: «Kva ville du gjort dersom nokon berre sa nei til deg?», refleksjonsspørsmål som «Kvífor trur du at Jakob og Neikob var vener?» og overførings-spørsmål som: «Kunne det hendt at nokon berre sa nei til deg?» (Den litterære samtalene og bruk av ulike spørsmål kan du lesa meir om i Bok i bruk-hefta eller i Litteraturundervisning. Teori og praksis av Anne Kari Skardhamar) Under samtalane kom det tydeleg fram kven som var blitt lest mykje for og allereie er erfarte lesarar. For å forstå teksten brukar ein bakgrunnskunnskapen sin, dvs. at ein koplar teksten til erfaring ein har sjølv; det ein har hørt, sett eller lest. Dei erfarte lesarane var aktivt med i samtalane og hadde mange assosiasjonar til sin kvardag og leseopplevelingar. Desse elevane var og mest aktive på å finne ord dei ikkje forstod. Det viser gjerne at dei er meir bevisste under lesinga og at det krevst meir av elevane for å finne nye ord. Dei elevane som fann ukjende ord fekk mykje ros for det, og var på denne måten med på å vere støttande stillas for dei andre elevane og utvida og utvikla ordforrådet til heile gruppa.

Etterlesefasen – bearbeiding, uttykk og eit ferdig produkt

Etter å ha lese heile boka skulle elevane vere illustratørar. Ved å lage si eiga framside til boka viste dei sine måtar å tolke og forstå teksten på. Framsidene viste at elevane hadde lagt merke til forskjellige ting. Då eg gjekk rundt og spurde dei kvífor dei hadde valt å teikna akkurat det dei gjorde fekk eg mange artige refleksjonar og kvardagsforteljingar til svar. Andre hadde ikkje reflektert noko særleg over teikninga si, men vart tydeleg inspirert av dei som fortalte om teikningane sine.

I musikktime fekk elevane komponere sine eigne melodiar som dei laga ja- og nei tekst til. Vi fekk igjen forskjellige tolkingar av boka gjennom songtekstane deira, og elevane fekk bearbeide og vere i teksten endå litt lenger.



Erfaringar

Refleksjonar og samtale rundt tekster med på å utvide ordforrådet og gjere nye ord og omgrep til elevane sine eigne. Jo større ordforråd dei har, jo meir forstår dei av alle bøker. Dette er ein god spiral. Ein av dei beste måtane å stimulera denne læringa på er å lære dei å bli glade i å lese, starte tidlig med føre- og etterarbeit av tekstane og sørge for at samtalane omkring og forståinga av tekstane blir sentrale element for alle elevane. Vi som lærarar er lesande rollemodellar, og vi må gje elevane rik tilgang på bøker og legge til rette for undring og forventning.

Som lærar bør ein kjenne til mykje av den nye barnelitteraturen som er tilgjengeleg. Det finnест sjølvsgatt mykje bra av den eldre litteraturen og, men den nye litteraturen vil elevane oppleve som aktuell og spanande. Den er skriven med moderne språk og kan handle om moderne barndom som elevane kan kjenne seg att i.

Desse elevane får mye bokmålpåverking frå tv, filmar, vekeblad, bøker, internett og venner, både på skulen og i fritida. Da er det spesielt viktig at dei i klasserommet møter god, nynorsk litteratur. Også det nynorske språket er i utvikling, og da bør ein bruke ny, nynorsk litteratur slik at elevane også kan kjenne seg igjen i det nynorske språket i boka.

ABC av Erna Osland på 7. trinn

Av Bjørg Wangen

ERNA OSLAND: ABC
2003



Presentasjon av ABC

«ABC» er ei novelle henta frå samlinga *Berre du som veit* (2003). «ABC» handlar om Svanhild som er skule jente. Ein dag møter ho ein gammal snødekt mann som sit og gret på skulevegen. Svanhild tek den gamle mannen med seg til skulen, men han får ikkje vera med inn i klasserommet. Novella har ein open slutt og kan gi rom for mange tolkingar.

ABC i bruk

Før lesinga starta fekk elevane reflektera rundt tittelen «ABC». Kva trudde dei denne novella handla om? Elevane var einige om at teksta måtte dreie seg om skulen sidan det er der vi bruker ABC-bøker. «Eg trur og det går føre seg på skulen», seier ein, «men eg trur det handlar om a-klassa og b-klassa og slik» seier ein annan. Det vart og foreslått at «ABC» kunne vere ein kode, nesten som ein nøkkel. Då lesinga tok til, var dei spente på kven som hadde rett. Etter at elevane hadde hørt novella, skulle dei bruke minst fire punkt frå lista *Personlig tilnærming til litteratur* for å gje uttrykk for si oppleving. Eksempelvis: «Då eg las la eg merke til at..., Eg likte godt at..., Eg vart irritert over..., Det gjorde inntrykk på meg at... osv.»

Denne reiskapen hadde elevane brukt mykje og heile klassa har god hjelp av verktøyet i arbeidet med å gå inn i ulike tekstar. Mange hadde vorte irriterte over læraren si åtferd, andre var skuffa. Hovudpersonen vart omtala som ei omsorgsfull jente. Nokon vart overraska over at mannen vi møtte gret. At Svanhild våga å ta han med seg til skulen, overraska andre. Synspunkta var mange, og ein god start på ein litterær samtale. Kvifor forfattaren hadde valt tittelen «ABC» syntes mange var rart sjølv om Svanhild sine sko sette slike spor i snøen. Tittelen vart nesten som ein kode, slik nokre av dei hadde sagt på førehand.

For å få fram skiljet mellom ytre handling og det teksten handla om skreiv elevane to-delt logg. Todelt logg er eit verkty som kan nyttast når ein ynskjer å skilja mellom ytre og indre handling. For å skilja desse kan ein gi elevane startorda: *Teksten handlar om...* og *Teksten dreier seg om...* «*Teksten handlet om en jente som går til skolen og møter en uteligger. Hun tar han med seg til skolen, men læreren kaster han på dør.*» Sjølv

om denne forma for logg var ny for elevane, baud det ikkje på problem å oppsummere handlinga. Kva teksta eigentlig handla om, eller dreia seg om, var det vanskeligare å setje ord på. Mange skjøna nok ikkje heilt forskjellen på dei to kolonnane, men etter kvart skriv ein av elevane «*Teksten dreier seg eigentlig om de fattige og at man skal være snille med hverandre, og å skape fred, og å være mot andre som du vil at andre skal være mot deg.*» Ein annan skriv «*Teksten handler eigentlig om at man skal ta vare på sine medmennesker.*» Mange kjem inn på læraren si frykt for ute-liggjarar, men den dobbeltmoralen eg som voksen les ut av novella, var det ingen som såg. Til slutt fekk elevane velje mellom å skrive ny slutt eller teikne det dei hadde lagt mest merke til eller det dei meinte var det viktigaste i teksten. Da eg gav dei skriveoppgåva, var eg fryktelig i tvil om eg skulle seie noko om kva dei måtte tenkje på for at deira slutt skulle henge saman med Osland si tekst, men eg let det vere. Eg var nemlig fryktelig spent på om nokon av elevane kom til å skrive nynorsk fordi det var naturleg her. Før vi kom i gang, bad ei av jentene om ordet og spurte om dei måtte skrive nynorsk. Sjølv om eg først tenkte at spørsmålet øydedla prosjektet mitt, vart dette ein spanande dialog som enda med at nokon ville prøve å skrive nynorsk for det var stiligast, medan andre ville bruke bokmål fordi det var lettast. Eg fekk meg likevel ei anna overrasking her, langt over halve klassa valde å skrive nynorsk.

Erfaring

Som leiar av den litterære samtalen er det min jobb å få elevane til å grunngje synspunkta sine ved å be dei fortelje når i tekstane dei oppdaga ting, eller kva i tekstane som får dei til å tenkje slik dei gjer. Arbeidet med teksten viser at elevar som har bokmål som sitt opplæringsspråk kan skrive nynorsk når ein gir dei modellar og integrerer skrivinga i ein naturleg kontekst.

DØME PÅ ELEVTEKSTER PÅ NYNORSK

Men Svanhild stansar ikkje, ho bare fortsetter. Ho løper bare fortare og fortare, og læraren klarer ikkje å holde følgje. No løper ho det fortaste ho klarar. Læraren stopper og ropar etter Svanhild. No går Svanhild, no er ho sliten. Ho kan ikkje se skolen. Ho fortsettar og lete etter manen, men ho kan ikkje se han. Ho er på veg heim no, langsetter den lange motorvegen. Ho får eigentlig ikkje lov til å ta den vegen, men ho gjør det likevel. Plutselig ser ho han. Han ligger ved busstoppet. Ho ser nøyne på han og finner ut at det ikkje er den manne ho møtte på veg til skolen. Så fortsetter ho jakten. Så tar ho bussen heim. Rett utanfor boligen sklir ho på isen. Ho besvimar. Da ho voknar står den gamle mannen over ho. Han ser at ho har fått eit lite hull i bakhodet. De går inn, han ringer til ambulanse.. Ambulansen kommer så fort som molog. Ho blir lagt inn i ambulansen og kjørt tiø sykehuset. På sykjhøuset får ho bedøvelse. Etter to timer voknar ho. Ho ser mora og fara, men ho ser ikkje den gamle mannen. Ho spør kor han e. De sier a han gikk for eot minutt sidan. Ho løper ut og finner han, ho spør om han vil bo på loftet i huset til Svanhild. Han sier ja, og så flyttar han inn. Som velkommen får han noen nye klær.

Håkon

Handgranteple av Ingelin Røssland på 10. trinn

Av Eva Kalgraf

INGELIN RØSSLAND: HANDGRANATEPLE DET NORSKE SAMLAGET 2006



Presentasjon

Hovudpersonen i *Handgranteple*, Anja, lever eit hel-ler fredeleg liv på landet. Mora vil ho skal flytta inn til byen for å gå på vidaregåande skule. Anja er pliktoppfyllande og gjer som mora seier. På vidaregåande møter ho Malin som lever eit svært røft utagerande liv. Anja blir dregen mellom plikt, mora sine forventningar, Malin sitt tilbod om vennskap, bestevennen Arild heimanfrå og seg sjølv. Boka er skriven i ein rå og truverdig språktone.

For elevar som har nynorsk som opplærings-språk er det viktig at dei får tilgang til ny-norsk litteratur, ikkje minst moderne ungdomslitteratur skriven på nynorsk. *Handgranteple* er nett ei slik bok. Ho har eit engasjerande tema og ho gir språklege førebilete.

Boka i bruk

Elevane skal ifølgje Kunnskapsløftet delta i utforskande samtalar om litteratur, teater og film. Desse erfaringane skal dei også kunna formidla, og leseerfaringane skal vera basert på tolking og refleksjon (LK06:47). Eg ønskte derfor i dette høvet å fokusera på ei lesorientert tilnærming gjennom bruk av rollekort når me skulle arbeida med eit utdrag frå *Handgranteple* av Ingelin Røssland. Rollekorta lasta eg ned frå www.lesesenteret.no, og eg såg gjennom filmen «Lesesirkel og rolleskriving».² (Sjå dvd-en).

Eg starta første time med å dela klassen inn i grupper på fem elevar, tilsvarande talet på roller. Før gjennomføringa la eg stor vekt på gruppe-inndelinga og rollefordelinga. Med utgangspunkt i den litterære samtalens som skulle gå føre seg i gruppene, var det viktig å setja gruppene saman slik at alle kunne føla seg trygge og helst lika kvarandre. Vanskegraden på dei ulike rollane er varierande. Det ligg derfor til rette for ei differensiering. Alle elevane fekk rollar som dei meistra, og det viste igjen på engasjementet. Deretter presenterte eg kva me skulle gjera og kvifor.

Fleire månader tidlegare hadde eg lese høgt eit utdrag frå romanen *Handgranteple*. No vart elevane utfordra på kva dei mintest frå dette utdraget, og kva dei assosierte med tittelen på romanen. Kvar elev skrev det dei mintest og sine eigne assosiasjonar i arbeidsboka, og så hadde me ein gjennomgang av dette i felleskap etterpå. Eg skreiv dei ulike innspela på tavla. På denne måten fekk elevane delt forkunnskapene sine, og dei gjorde seg klare til å møta teksten.

Etterpå fekk kvar elev i dei ulike elevgruppene utdelt kvart sitt rollekort. Slik sikra eg meg at heile elevgruppa fekk med seg innhaldet i teksten. For at ingen av elevane skulle vera i tvil om kva som

²i praksis: nynorsk som sidemål i grunnskulen. Ei filmbasert ressurspakke for internopplæringa i grunnskulen.(2008): Snoball Film AS og Bro Kompetanseutvikling AS - Lesesirkel og rolleskriving ved Tangenåsen ungdomsskole, Nesodden

Bok i bruk



KOPLAR

Du skal finna eit avsnitt eller eit stykke i historia som minner deg om noko som:

- har hendt deg
- du kjenner igjen
- du har sett før
- du har hørt om før
- du har lese om tidligare

www.lesecenteret.no

Bok i bruk



ORDKUNSTNAR

Du skal leita etter dei orda i forteljinga som kan vera:

- nye
- vanskelege
- merkelege
- morosame
- interessante
- viktige

Kva side fann du dei på?

www.lesecenteret.no

Bok i bruk



OPPLYSAR

Du skal beskriva det avsnittet i historia som skaper eit bilet inni hovudet ditt.

Det kan vera ein person, eit miljø, ei hending, eit spennande avsnitt eller noko anna....

www.lesecenteret.no

Bok i bruk



REGISSØR

Du skal stilla spørsmål, slik at du hjelper gruppa til å koma i gang med diskusjonen.

Spørsmåla kan starta med:

- Kva....
- Korfor....
- Kva synest du....

Til slutt skal du oppsummera samtalen.

www.lesecenteret.no

««Eg syns da e ein
løyen måte å sei at
moro e dø og at ho
har gjort sjølvmort.
Død som ei sild?»

vart venta av dei, modellerte eg så korleis me skulle arbeida med rollekorta. Eg tok på meg dei ulike «lesebrillene» som dei ulike rollane medførte, og gav eksempel på mine val frå teksten med bakgrunn i dei ulike rollane. Vidare grunngav eg kvart val som eg hadde skrive ned. Eg gjekk gjennom modellen trinn for trinn. Dette førte til at elevane hadde god oversikt over sine arbeidsoppgåver og det var lite behov for presisering undervegs.

Seinare las elevane teksten stille for seg sjølv og valde ut det dei meinte var viktig med utgangspunkt i si rolle, og skreiv dette ned i arbeidsboka si. Koplaren i den eine gruppa trekte fram avsnittet der Malin og Anja tok seg til rette på kjøkenet hos Mette og plasserte ølet sitt i kjøleskapet. Mette var redd dei skulle knusa porselensgåsa som stod oppå kjøleskapet og ho følte seg usikker på Malin og Anja. Ordkunstnaren i gruppa hadde blant anna notert seg orda «sosiale antennar». Etterpå hadde dei ein litterær samtale i gruppa der kvar enkelt elev la fram sine val for resten av gruppa med grunngjeving for vala. Koplaren i dømet ovafor grunnga valet sitt slik: «Eg valde ditta avsnittet for da minna meg om den gjengen som berre kom ut i Kjekkjo 16. mai i fjor og øydela festen til Anna og dei.» «Ja, da var skikkeleg teit. Di kunne heller ha laga sin eigen fest.» Ordkunstnaren hadde slik grunngjeving: «Da er litt gøy at dei òg seie sosiale antennar akkurat sånn som me seie.» Til slutt presenterte dei ulike rolleinnehavarane sine val for resten av klassen og me hadde ein felles diskusjon. Avsnittet der det kjem fram at mora til Malin var død og at ho hadde utført sjølvmort, medførte ein del debatt. «Eg syns da e ein løyen måte å sei at moro e dø og at ho har gjort sjølvmort. Død som ei sild? Da e akkurat som om ho ikkje bryr seg.» «Eg trur ho bryr seg, men at ho ikkje får te å sei da på nåken skikkeleg måte.» «Eg er enig med Birte, eg trur kanskje at da e ditta som har gjort at Malin e blitt så tøff. Da må jo vera heilt forferdelig å mista moro si,

spesielt når ho gjer sjølvmort.» Til avslutning skreiv elevane ein kort logg der dei utdjupa korleis dei hadde likt «Å lese med rollekort» og kva slags læringsutbytte dei hadde hatt.

Erfaringar

Under heile gjennomføringa var elevane positive, ivrige og konsentrerte. Diskusjonen i gruppene gjekk lett og alle var engasjerte. Loggane som elevane skreiv, var positive både til opplegget og til læringsutbyttet:

«Eg likte å jobbe i grupper, det var morosamt. Eg skjønte teksten bedre enn eg pleier fordi me snakka mykje om den.»
 «Denne arbeidsmåten var bra for det var mange forskjellige meinigar i gruppa.»
 «Det er kjekt å jobba på denne måten. Det er lettare å læra på denne måten.»

Lesinga av loggane var oppløftande og den positive bodskapen bygde opp under inntrykket eg sjølv hadde frå timane. Den mest negative tilbakemeldinga kom frå ein elev som var borte frå skulen den dagen opplegget vart presentert. Det fortel meg kor viktig det er at elevane er trygge på kva som ligg i arbeidsoppgåvene og at dei veit kva dei skal gjera.

Bruken av rollekort i tilnærminga til ein tekst vart ei positiv oppleving både for meg og for elevane. Samtalane i gruppene og i plenum i tillegg til loggane gjer meg rimeleg sikker på at målet om ein utforskande samtale om teksten og tolkingar basert på refleksjon vart nådd. Ei god leseoppleving er nært knytt til forståing, og elevane gav uttrykk for at dei gjennom denne arbeidsmåten hadde forstått teksten betre enn dei vanlegvis gjorde, og dermed var det også lettare å ha meningar og tanker om han. Alle var aktive både i leseprosessen og i samtalens undervegs. Det var veldig inspirerende å lesa loggane til elevgruppa og det er ingen tvil om at dette er ein arbeidsmetode eg vil bruka seinare, også på saktekstar.

Å boltra seg i bobler

Av Arild Torvund Olsen

Bruk av nynorske teikneseriar kan vera ein motiverande og spanande innfallsvinkel til norskundervisninga. Teikneseriar er i utgangspunktet populært lesestoff, òg hjå mange av dei elevane som elles ikkje er glade i å lesa (Hoel o.a. 2009:83). Ein av grunnane kan vera at kombinasjonen av skrift og bilete gjer at teikneseriar ofte er lette å lesa. Samstundes kan teikneseriane ha mange lag og avanserte verkekommiddel som ein kan oppdaga ved nærmare lesing og analyse. Teikneseriar kan med andre ord vera både lettlesne og komplekse på same tid, og det er ei gavepakke ein lærar ikkje har råd til å takka nei til. Det at lesing av teikneseriar er populært, gjer det ekstra aktuelt å læra meir om mediet og verkemiddla som vert nytta der. Slik kan elevane læra å lesa for å vurdera, analysera og læra, ikkje berre lesa for å oppleva. I denne artikkelen vil eg difor gjeva ei innføring i teikneseriemediet, slik at du som lærar står betre rusta til å hjelpe elevane med å utvikla ein slik lesekompentanse.


Teikneseriar og Kunnskapslyftet

Samansette tekstar er eitt av dei fire hovedområda i norskfaget. I Kunnskapslyftet står det:

Hovedområdet sammensatte tekster viser til et utvidet tekstbegrep der teksten kan være satt sammen av skrift, lyd og bilder i et samlet uttrykk. Det innebærer arbeid med tekster som bildebøker, tegneserier, avisar, reklame, nett sider, sangtekster, film og teater. Hovedområdet omfatter både elevens egen tekstproduksjon og opplevelse, kritisk vurdering og analyse av sammensatte tekster.

Teikneseriar er ei form for samansett tekst, og Kunnskapslyftet legg her opp til at elevane både skal *laga, oppleva, vurdera og analysera* teikneseriar og andre samansette tekstar. Når ein snakkar om samansette tekstar, er det viktig å merkja seg at tekstromgrepene i Kunnskapslyftet ikkje berre inkluderer skrift, men òg bilete og lyd. Tekst er meir enn skrift, og ein tekst treng ikkje inkludera skrift i det heile.

Denne stripa frå serien *Raff og Brage* av Øystein Ottesen er til dømes heilt utan skrift, men ho er likevel ein tekst. Ikke berre er denne stripa ein tekst, men ho gjer seg bruk av eit tekstleg verkekommidel som metafor, ved at humlene i snora vert ein metafor for ein blomebukett.



Kva er ein teikneserie?

Det finst dei som trur at teikneseriar berre høver for små born. Andre tenkjer at teikneseriar berre er humoristiske vitsestriper som Pondus, Nemi og Hårek. Men teikneseriemediet har eit mykje større mangfald. I boka *Understanding Comics* definerer Scott McCloud teikneseriar som «sekvensiel kunst» eller «sidestillede bildelege og andre udtryk i planlagte sekvenser, anvendt til at viderebringe informasjoner og/eller give leseren en æstetisk oplevelse» (McCloud 1994, s. 9, sitert frå den danske utgåva). Definisjonen til McCloud vektlegg at teikneseriar er sekvensielle. Det definisjonen ikkje gjer, er å avgrensa teikneseriemediet til spesifikke sjangrar, tema, teiknestilar, forteljemåtar eller liknande. For det finst teikneseriar av mange slag. Nokre er stutte, andre er på mange hundre sider. Nokre er dialogdrivne, andre er heilt utan skrift. Nokre er humoristiske, nokre er alvorlege. Nokre er laga for born, andre høver berre for vaksne lesarar. Nokre teikneseriar er stutte

vitsestriper, men det finst òg teikneserieromanar, noveller, sjølvbiografiske tekstar, aforismar, dikt og eventyr.

Teikneseriar har mykje sams med filmmediet, til dømes i bruken av «kameravinklar» og måten ein set saman ulike scener til ei samanhengende forteling. Men det finst òg store skilnader. Hans Lund skriv til dømes i artikkelen «Bildberättelser och tecknade serier» at «(...) serien kan även göra vad filmen inte kan, nämligen variera storleken på bildrutan för att därmed rytmisera och dramatisera berättelsen» (Lund 2002, s. 73). Den kjende filmskaparen Federico Fellini, som òg har skrive teikneseriemanus, meiner at rörlene og rytmen er noko av det som fascinerer oss med filmmediet, men at filmar aldri kan verta like uhandgripelege og løyndomsfullt fantasieggjande som dei urørlege bileta i teikneseriane (Hegerfors o.a. 1996, s. 28).

Dersom me kombinerer utsegnene frå Fellini og McCloud, kan me seia at noko av det særmerkte med teikneseriemediet er måten det skapar forteljingar ved hjelp av sekvensar av frosne augneblinkar. Teikneserieskaparane gjev oss dei fantasieggjande, urørlege bileta, medan me som lesarar fyller ut det som hender mellom rutene, slik at me ser samanheng og rørsle.

Visuelle verkemiddel

Serieskaparen Øystein Runde har på oppdrag frå Nynorskenteret laga teikneserien «Kva du kan gjere med ein teikneserie som du ikkje må fortelje mor di». Der presenterer han nokre viktige verke middel, som nærbilete, oversiktsbilete, froskeperspektiv og liknande.

Runde har her laga ein samansett tekst for å seia noko om verkemiddel i samansette tekstar. Teksten er slik både ein modelltekst og ein tekst *om* samansette tekstar. Serien er eit godt døme på ein samansett tekst som formidlar noko på ein måte som rein skrift ikkje hadde fått til like godt. Dei verkemidla Runde demonstrerer her, er dessutan verkemiddel teikneseriemediet har sams med filmmediet. Teikneserien til Runde kan difor òg vera ein fin introduksjon til arbeid med film i skulen.

Skrift i teikneseriar kan nyttast på fleire måtar, til dømes i snakkebobler, i tenkebobler, i tekstboksar eller som ljodeffektar. Korleis skrifta ser ut, kan òg ha eit tydingsinnhald. Stor skrift kan nyttast for å illustrera roping, medan lite skrift kan illustrera kviskring. I teikneserien *Skammelekken* av Jens K. Styve snakkar bestemora i serien med snirklut lykkjeskrift. Slik understrekar Styve aldersskilnaden mellom bestemora og hovudpersonen, som snakkar med blokkbokstavar.



Samspelet mellom skrift og bilet

Korleis kan me lesa ein teikneserie som ein samansett tekst? Det er viktig å sjå på korleis skrift og biletet saman uttrykkjer meinings. Bileta treng ikkje berre vera visuelle tolkingar av det skrifte seier, dei kan òg fungera utfyllande, skapa kontrast til eller til og med undergrava det som vert sagt i verbalteksten. Når me les teikneseriar, er det samspelet mellom skrift og biletet som skapar



meininga. Anne Løvland seier at ein slik måte å lesa på kan samanliknast med å leggja fleire lysark over kvarandre: «Kvar lag vert ikkje forstått isolert, men spelar med i den samla forståinga» (Løvland 2007, s. 20).

I artikkelen «Når bilde og tekst forteller sammen» skriv illustratøren Harald Nordberg, med utgangspunkt i biletbøker, om korleis skrift og biletet har ulike sterke sider og kan utfylla kvarande. Bileta kan til dømes koma med miljøskildringar og visuelle karakterskildringar på ein meir effektiv måte enn det skrifta kan. Skrifta er på si side meir eigna enn bileta til å skildra slikt som ikkje er synleg («Per var svolten»), komprimera eller utvida tid («nokre dagar seinare») og til å referera til ting som ligg utanfor biletet i tid eller rom («Mor hadde hatt ein travel dag på kontoret»). Nordberg peikar dessutan på eit felt der teikneseriane er flinkare til å utnytta det visuelle enn det biletbøkene er: «Ser vi på ikke-visuelle fenomener som lyder, lukter, tanker og direkte tale, vil også dette være tekstens domene. Tegneserier har utviklet et effektivt symbolsystem og en visuell fortellerteknikk for disse fenomenene. Men for bildebokas vedkommende kan det se ut til at den har avfunnet seg med å overlate disse områdene til teksten.» (Nordberg 2001, s. 64.)

Elevane lagar teikneseriar

Som nemnd, skal elevane ikkje berre analysera teikneseriar, men òg læra å laga teikneseriar sjølv. Ein fin måte å arbeida på, er å ta utgangspunkt i ei novelle og la elevane laga ein teikneserie ut av henne. Ein kan òg ta utgangspunkt i eit dikt, eit eventyr eller ei sjølvopplevd hending. Den komande artikkelen viser eit døme på slikt klasseromsarbeid. Det viktigaste er at elevane finn ut kva dei vil fortelja før dei byrjar å teikna, og at dei gjerne skriv og skisserer ut ei form for manus. Manusarbeid på førehand vil til dømes gjera det lettare for dei å tenkja gjennom kva dei bør nytta av verkemiddel som utsnitt, vinklar, skriftypar og liknande. Slik vert sluttresultatet betre, og elevane vil læra mykje meir av arbeidet enn om dei berre hiv seg i veg med

teikninga med ein gong. Hugs òg at elevane ikkje treng vera fantastiske teiknarar for å laga gode teikneseriar. Det er mogleg å dra med god historieforteljing med heilt enkle teikningar. Teikneserieskaparen Øystein Runde har til dømes gjeve ut serien *Rundetid* på Gyldendal, og der er alle teikningane enkle strekteikningar av fyrstikkmenn.

Nynorske teikneseriar

Det er viktig at elevane med nynorsk som opplæringsmål får møta nynorske tekstar òg når dei arbeider med «kjekke» emne som teikneseriar. Bruk av nynorske teikneseriar kan òg vera ein fin innfallsvinkel til den fyrste nynorskoplæringa for dei elevane som har nynorsk som sidemål, av di teikneseriar er eit medium med både positive assosiasjonar og ei høgst overkomeleg skriftmengd. Men arbeid med nynorske teikneseriar krev at lærarane veit kvar dei kan finna dei. For jamvel om dei gode og moderne nynorske teikneseriane finst, er det eit problem at det er vanskeleg å finna dei dersom ein ikkje er særskilt teikneserieinteressert. Difor har Nynorskcenteret utvikla vevstaden nynorskcenteret.no/teikneseriar/. Der ligg det ute forteljingar og striper frå meir enn tjue nynorske teikneserietitlar, inkludert dei tre eg har vist som døme i denne artikkelen. Sidene inneholder òg andre teikneserielaterete lærar- og elevressursar, til dømes ei innføring i kunsten å skriva manus for teikneseriar.


Det finst i det heile mange måtar å nytta nynorske teikneseriar i undervisninga på. Teikneseriar kan nyttast og analyserast på same måte som all annan litteratur, samstundes som dei opnar for mange gode innfallsvinklar til emnet *samansette tekstar*. Og vonleg kan teikneserievevstaden til Nynorskcenteret vera til hjelp i det arbeidet.

KJELDER:

- www.nynorskcenteret.no/teikneseriar/
- Hegerfors, Sture og Lasse Åberg (1996): *Tegneserien 100 år*. Bonniers
- Hoel, Trude, Anne Håland og Anne Charlotte Begnum (2009): «Kunsten å lage litteraturliste til gutter på ungdomstrinnet» i Per Olav Kaldestad og Karin Beate Vold (red.) *Årboka. Litteratur for barn og unge 2009*. Det Norske Samlaget
- Lund, Hans (2002): «Bildberättelser och tecknade serier» Hans Lund (red.) *Intermedialitet – Ord, bild och ton i samspel*. Studentlitteratur
- Løvland, Anne (2007): *På mange måtar – samansette tekstar i skolen*. Fagbokforlaget
- McCloud, Scott (1994): *Tegneserier – Form og teknologi*. Gyldendal
- Nordberg, Harald (2001): «Når bilde og tekst forteller sammen» i Nina Goga og Ingeborg Mjøl (red.) *Mote mellom ord og bilde*. Cappelen Akademisk Forlag

Presentasjon av ulike teikneseriar

MARCELLO TONINELLI:
DANTE: DEN GUDDOMMELEGE KOMEDIE SOM TEIKNESERIE – HELVETET
 TIL NYNORSK VED BODIL MOSS,
 TRANSFE:R 2007



I Kunnskapslyftet kan me lesa at det er eit mål at elevane, når dei er ferdige med vidaregåande skule, skal kunna samanlikna og vurdera tekstar som vert overførde frå eitt medium til eit anna. Teikneserieutgåva av *Helvetet* er eit godt utgangspunkt for å ta opp og drøfta slike emne. Italianaren Marcello Toninelli har laga ein humoristisk teikneserieversjon av det kjende visjonsdiktet til Dante, og det vesle forlaget TransFe:r har gjeve ut ei norsk utgåve, omsett av Bodil Moss.

Utgjevinga inneholder mange former for omsetjing og overføring, til dømes frå vers til teikneserie-stripe, frå gammaltestamentlege tankar til moderne humor og frå italiensk til nynorsk. Til dømes er det interessant å sjå korleis Marcello har teke forteljinga frå diktverk til stripeserieformat. I teikne-serieutgåva av *Helvetet* har kvar stripe eit sluttpoeng, og dei kunne slik ha fungert relativt greitt som frittståande vitsestriper. Samstundes skapar einskildstripene ei samanhengande forteljing som gjev godt innsyn i handlinga i komedien. Teikneserien er òg krydra med mange sitat frå Dante. I den norske utgåva er desse sitata henta frå Magnus Ulleland si omsetjing. Men Marcello gjer meir enn berre å attfortelja visjonsdiktet til Dante; han leikar seg med det, parodierer det og puttar inn referansar til det moderne Italia. Slik kan teikneserien fungera både som ei innføring i og ein moderne kommentar til *Den guddommelege komedie* og Dante.

ØYSTEIN RUNDE:
SOGA OM OLAV SLEGGJA,
 DET NORSKE SAMLAGET, 2009



Det nyaste verket til seriekunstnaren Øystein Runde, *Soga om Olav Steggja*, er ein teikneserieroman frå vikingtida. Olav Steggja vart i si tid redda av Olav Tryggvason, og han står difor i gjeld til kongen. Gjennom teikneserien fylgjer me Steggja i kampen for å freista lausriva seg frå Tryggvason og den norrøne æreskodeksen, slik at han på ny kan verta ein fri mann. «Kva slags mann går vel rundt og brukar tid på å vurdere seg sjølv, når det er andre si vurdering som lever vidare?» spør Tryggvason, som syner seg å vera ein særskilt usympatisk motstandar. Øystein Runde fortel soga på spanande vis, og han har med innslag av både historiske kjelder, nittenhundretalspoesi, inspirasjon frå japanske teikneseriar og norrøne soger. Til dømes er replikkane i den endelige, blodige kampen mellom Steggja og Tryggvason, henta frå eit Olav H. Hauge-dikt. Serien har òg innslag av humor. Eit godt døme er scena der Torfinn Pil og Råg Gunnlaugsson i god norrøn sogestil har denne replikkvekslinga: – Herre, tilgi meg! Eg kan ikkje gjere det du har meg i hird for å gjere. – Kvifor? – Eg har ei øks i andletet, og på vegen dit kløyvde ho eine handa mi og bogen min. Forteljinga er gjennomsyra av ein sterkt underliggende humanisme. Ho får lesaren til å stogga opp og stilla seg sjølv mange spørsmål undervegs, og ikkje alle er like lette å svara på. *Soga om Olav Steggja* er difor ein teikneserie som gjer inntrykk på lesaren.

Frå dikt til teikneserie

Av Helga Slettebak, Marit Moen og Arne Skadal, Halbrend skule



Prosjektet «Frå dikt til teikneserie» vart gjennomført på 6. trinn. Kombinasjonen av dei to sjangrane synest vi er spennande, mellom anna fordi elevane får arbeide med dikt og teikneseriar på ein ny, engasjerande og utradisjonell måte. Samansette tekstar er også eitt av hovudområda i norskfaget.

PRESENTASJON AV OPPLEGGET


Oppgåve

Lage ein ein-siders teikneserie ut frå eit nynorsk dikt.

Førebuing

- Kvar lærar fekk i oppgåve å finne nynorske dikt som var konkrete nok til å vere grunnlag for teikneseriar. Desse dikta vart valde:

- «På gjennomreise» av Marit Tusvik
- «Jorda» av Jan M. Bruheim
- «Eit anna eventyr» av Jan M. Bruheim
- «Fabel» av Jakob Sande
- «Småsporven gjeng i tunet» av Arne Garborg.
- Teikneserien «Kva du kan gjere med ein teikneserie som du ikkje må fortelje mor di» av Øystein Runde vart kopiert til kvar elev



Gjennomføring

- Vi starta med med eit to timars teikneseriekurs for elevane. Først tok me føre oss symbolbruk og korleis skrift kan nyttast på ulike måtar, t.d. i snakkebobler, tenkjebobler, tekstboksar og lydeffektar. Her vart det lagt opp til at elevane sjølv skulle få komme fram med eigen kunnskap om emnet. På førehand hadde dei fått i oppgåve (heimearbeid) å gå inn på nettstaden nynorsk-senteret.no/teikneseriar for å studere og få ei oversikt over kva som finst av nynorske seriar.
- Deretter gjekk vi gjennom «Kva du kan gjøre med ein teikneserie som du ikkje må fortelje mor di».

Teikneserien gjev ei lettfatteleg og god innføring i visuelle verkemiddel, med hovudvekt på ulike teikneperspektiv.

- Elevane studerte så fleire døme på teikneseriar som var laga med utgangspunkt i ulike dikt. Dikta som vart presenterte som teikneseriar, var «Ivar Aasen og katten hans», «Nokon heiter jobben», «Kveldssong for deg og meg» og «Song til ein orm». Dei fekk også sjå to teikneseriar som begge var laga ut frå same diktet, men på ulik måte. Alle teikneseriane fann vi på teikneseriesida til Nynorsk senteret.

4. Vi presenterte dikta elevane skulle arbeide med, og samtala om idear til korleis teksten kunne gjerast om til bilet. Kvar elev fekk så velje seg eit dikt.

5. Elevane planla og utarbeidde teikneserien individuelt. Før dei byrja å arbeide, måtte dei tenkje grundig gjennom desse punkta:

- Kven skal vere hovudperson(ane) i teikne serien?
- Korleis skal figurane sjå ut?
- Kva er handlinga? Kva vil du fortelje/få fram?
- Kor mange ruter vil du bruke, og korleis vil du variere bilet-/perspektivbruken?
- Kvar og i kva tidsepoke skal handlinga føregå?
- Skal serien ha forteljarrøyst, snakkebobler eller begge delane?
- Er det noko av teksten frå diktet som kan kuttast eller formidlast via bilet i staden?
- Skal serien få noko tekst som ikkje var i diktet, til dømes nye replikkar?

6. Elevane laga ei skisse av figurane, og deretter ei grovskisse av korleis teikneserien skulle sjå ut. Då grovskissa var klar, starta arbeidet med den verkelege teikneserien. Det vart nytta A3-ark for betre å få fram detaljane i teikningane. Dei ferdige produkta vart deretter kopierte over i A4. Det var valfritt om teikneserien skulle vere fargelagd eller i svart-kvitt.

7. Til slutt presenterte elevane teikneseriane for kvarandre. Dei vart delte i grupper etter kva dikt dei hadde valt. Elevar med like dikt gjekk saman for å samanlikne og diskutere løysingane dei hadde nytta.

ERFARINGAR

Tilbakemelding frå elevane

Elevane vart motiverte av oppgåva og synte eit imponerande engasjement. Tilbakemeldingane var også heilt klare; det her hadde vore «kjempeskjekt». Mange gav uttrykk for at det var ekstra kjekt å nytte dikt som bakgrunn for teikneserieskapninga. Dei opplevde det som ein spennande og utfordrande vri, som motiverte meir enn å skape ein teikneserie «ut frå eige hovud».

Oppsummering

Det var fleire spennande utfordringar undervegs. For nokre var det vanskeleg å teikne dei ideane dei hadde, andre syntest det var ei utfordring å bestemme seg for kva dei skulle formidle av diktet gjennom teikningane sine. Desse utfordringane gav ein god prosess for å tolke og forstå kva diktet eigentleg handla om. Det var spennande å sjå korleis elevane løyste det, ofte på ulikt vis.

Bruk av biletperspektiv, verkemiddel og symbolbruk varierte også ein del. Mange brukte fleire ulike biletperspektiv og gjorde slik teikneserien variert og spennande. Andre måtte ha hjelp til å sjå korleis ein kunne komme bort frå det same perspektivet i kvar rute.

Prosessens rundt det å bestemme korleis diktet skulle formidlast språkleg i serien var også utfordrande for mange, og gav mange ulike løysingar. Skulle diktet skrivast i tekstboksar, som snakkebobler eller begge deler? Var det nødvendig å ta med alt? Kunne ein formidle noko av diktet gjennom bileta og noko gjennom tekst? Spørsmåla var mange, og elevane fekk også her arbeide mykje med innhald og tolking, og ikkje minst vart det skapt ein arena for utforskande samtale om tekst i klasserommet.

KJELDER:

Teikneseriesida til Nynorskenteret: www.nynorskcenter.no/teikneseriar/
 «Kva du kan gjere med ein teikneserie som du ikkje må fortelje mor di»: www.nynorskcenter.no/teikneseriar/rundetips.html



Nokon heiter jobben

Solfrid Sivertsen

Teikna av Jorunn Hanto-Haugse

Det er nokon
som heiter
jobben,

som ringjer skarpt
i klokka
på nattbordet,



vil at dei skal komma
med ein gong, med
ein gong,

nesten utan klem
av og til,
berre kaffi og
bilnøklar

og store matpakkar
som jobben
skal få.



KVELDSSONG FOR DEG OG MEG

GRISEN STÅR OG HYLER
I DEN STILLE KVELD.



HAN SKAL IKKJE SLAKTAST,
MEN HYLER LIKEVEL.



FIR' OG TJUE KRÅKER
SIT PÅ EIN MADRASS.



ENDÅ EI VIL SITJE,
MEN DET ER IKKJE PLASS.



MÅNEN STÅR OG LYSER,
RUND OG FEIT OG KVIT.



REVEN KJEM FRÅ SKOGEN
OG LUSKAR HIT OG DIT.



FISKANE I HÅVET
SØV OG DRØYMER SØTT.



NØKKEN NEDI TJERNET
HAR EG ALDRI MØTT.



MOR OG FAR HAR LAGT SEG.
EG ER VAKEN, EG.

NO KLATRAR EG UT GLASET,
SÅ SPRING EG BORT TIL DEG.



MENS GRISEN
STÅR OG HYLER

OG MÅNEN
LYSER KVIT



SIT DU OG EG PÅ TAKET
OG LER OG PRATAR SKIT.



Nynorsk barnelitteratur som utgangspunkt for lese- og skriveopplæring.

Av Marit Wadsten

Her skal vi sjå nærrare på eit undervisningsopplegg som tek utgangspunkt i Maria Parr si barnebok; *Vaffelhjarte. Lena og eg i Knert-Mathilde* frå 2006 og Tonje Glimmerdal frå 2009. Vi arbeider spesielt med to av kompetansemåla i norsk etter 7. trinn: *eksperimentere med ulike språkvarianter i egen skriving på bokmål og nynorsk, dialekt og gruppespråk, og; finne språklige særtrekk i sitt eget miljø og sammenligne med noen andre dialekter* (LK06:46). Dette opplegget er generell lese- og skriveopplæring, der god tilpassa opplæring og undervegsvurdering er viktige faktorar for å lykkast. Opplegget vart gjennomført i løpet av åtte veker i haustsemesteret i 4.– 6.klasse på ein fådelt skule som har nynorsk som hovudmål.

Maria Parr sine bøker er godt eigna som utgangspunkt for arbeid med dei to kompetansemåla. Frå *Vaffelhjarte. Lena og eg i Knert-Mathilde* s 63 er det valt ut ti fokusord. Fleire av dei er godt eigna for undring og refleksjon over tyding og særtrekk i dialektar. Eit ord som «slukte» er her brukt i tydinga «å sluke», ete fort. I bokmålsområde kan «slukte» også vise til «slukte lys», det er mørkt. «Eg» inviterer til å diskutere variantar av personleg pronomen. Kor mange variantar veit elevane om? I kva geografisk område blir dei ulike variantane nyttar?

I dette opplegget arbeidde vi også med teksten etter prinsipp og idear frå leseprosjekt med rollekort, som er beskrive i *Bok i bruk på femte til sjunde trinn* (2006). Meir informasjon om dette er også å finne på Lesesenteret sine nettsider. I starten av prosjektet brukte vi den vanlege nynorske leseboka, men ein kan også finne andre kortare nynorske tekstar, eller ein kan nytte *Les for meg!*, ein antologi med utdrag frå ny nynorsk barnelitteratur, som alle skular har fått tilsendt frå Nynorsksenteret (Helgesen, 2008).

Undervisningsopplegget. Bakgrunn, innhald, mål og metode. Nokre av gutane i klassen hadde svært dårlige resultat på lesetestar og dei hadde urovekkande låg lesehastigkeit. Eit møte mellom lærar og PP-tenesta i kommunen for å få gode råd var starten på det heile, og lærar var i tillegg med i eit interkommunalt nettverk for norsklærarar; «Fokus på mellomtrinnet». Foreldra vart orienterte om at dei kom til å bli involverte i å høyre leseleksa høgt heime, kvittere for dette dagleg på eit lesekort, og vere i dialog om utviklinga. For elevane var starten på prosjektet at dei laga kvart sitt personlege lesekort i kunst&handverk. Dette lesekortet fungerte også som bokmerke i leseboka, og når det var skrive fullt av signaturane til foreldra og lærarane med datoar og sidetal, vart det laga nye.

A. KORT LESELEKSE OG LESEKORT.

MÅL: ØVE LESEFLYT OG AVKODING.

Leselekse blir gitt i det vanlege leseverket klassen brukar i to til tre veker framover. Den leksa alle har fokus på skal vere svært kort. Eitt avsnitt på sju til ti linjer er nok, og dette avsnittet bør helst vere eit utdrag av ein lengre tekst. Dei flinke lesarane får lengre lekse i same tekst, gjerne fleire sider. Slik tilpassar ein leseopplæringa til alle sitt noverande nivå. Læraren snakkar om teksten som leksa blir gitt frå på vanleg måte i ein førlesefase. Det avsnittet som skal vere felles lekse for alle, er kopiert over på lysark som blir vist på overhead eller på stor-skjerm. Alle les høgt saman. For dei svake lesarane skal dette avsnittet på sju til ti setningar lesast høgt til ein vaksen heime tre gonger etter kvarandre i lekse. Dei flinke lesarane les høgt heime berre ein gong og kan raskt gå over til å lese stille, men i starten bør alle gjere det på same måte. Deretter lempar læraren på krava og gjer avtalar med kvar elev individuelt. Den vaksne heime skal kvittere på lesekortet med dato og sidetal når leksa er lese etter avtalen for den enkelte eleven.

Etter at vi har lese gjennom leksa og snakka om teksten, medan lysarket enno ligg på overheaden eller teksten blir vist på storskjerm, ringar læraren rundt ti utvalde ord. Dette er dei fokusorda som vi både skal arbeide meir systematisk med og leike oss med. Vi kan smake på orda, samanlikne med korleis vi seier dette på vår eiga dialekt og reflektere rundt ulike språk og forskellar i ulike dialektar. Kanskje nokon kjänner til andre dialektar og kan komme på fleire måtar å seie det same på?

Lærar/assistent hører leseleksa høgt på skulen neste dag, gjerne høgt for heile klassen eller ved pulten til ein og ein elev, og kvitterer så på lesekortet for dato og sidetal. Det er bra om ein får til ein kultur der elevane står framfor klassen og les høgt, i det minste av og til. Det viktigaste er likevel at elevane må lese høgt. Stillelesing har ikkje same verknaden. Dette bør helst skje kvar dag for kvar elev i den perioden prosjektet varer. Bruk gjerne klistermerke på lesekortet som oppmuntring til alle.

B. ORDKORT.

MÅL: ØVE RASK OG SIKKER AVKODING.

Dei ti fokusorda i leselekxa skal vere ei blanding av både enkle, korte og lengre, vanskelegare ord. Skriv orda på blinkkort klapt opp i farga kartong.

Læraren held korta med orda mot seg sjølv, opp ned. Når ein da snur kortet fram skal det komme i rett leseposisjon for eleven. Ein og ein elev får lese alle orda høgt. Dette skal gå kjapt, ta alle ti orda, bunken gjennom, ein gong med kvar elev. Er det fleire vaksne i klassen lagar ein så mange blinkkortsett som det er vaksne og deler klassen mellom seg.

C. DIKTAT.

MÅL: ØVE RETTSKRIVING, FOKUS OG KONSENTRASJON. AVKODING.

Ein gong per veke skal klassen ha diktat. Det er nødvendig å ha ein dobbeltime til disposisjon til dette formålet. Læraren tek utgangspunkt i det avsnittet som er leselekse og formar om setningane frå leselekxa litt (sjå illustrasjon). Fem til sju setningar er nok i starten, men dette kan aukast til ti utover i prosjektpериoden. Pass på at eitt fokusord er med i kvar setning. Lærer elevane om t.d. dobbel konsonant eller punktum og stor bokstav i skriveopplæringa elles denne veka, skal de ha fokus på dette i diktaten også. Gjer elevane merksame på dette i starten, slik at dei veit kva som blir venta av dei. Dette er grunnlaget for all god undervegsvurdering, og for vurdering som gir læring.



Elevane har eiga diktatbok. Læraren les den første setninga ein gong sakte gjennom, ord for ord, høgt og tydeleg, og les setninga opp att mange nok gonger til at dei elevane som skriv seinast tek til å nærme seg slutten av setninga. Det er spesielt viktig, særleg i starten av prosjektet, at ein ikkje aukar tempoet, skundar på eller at nokon av elevane

får lov til å uffe seg for at det går for sakte. Det er læraren som bestemmer her. Læraren tek inn diktatbøkene og ser gjennom, og vurder resultat og framgang. Dette er utgangspunktet for å gi den enkelte eleven gode og presise beskrivingar på kva dei må arbeide meir med og til å gi dei gode framovermeldingar. Men læraren skal ikkje rette diktaten. Det skal elevane gjere sjølve. Det er viktig at dette skjer i timen like etter at diktaten er skriven, medan elevane har setningane i friskt minne. Dette aukar progresjonen og intensiteten. Ei og ei setning blir vist på lysark eller storskjerm. Alle skal ha fokus på retting av den same setninga samtidig. Læraren passar på at alle sjekkar at dei har skrive kvart enkelt ord, kvart enkelt teikn heilt rett, før neste setning blir vist. Stav orda, peik på grafem, diftongar, fokusér på setningsbinding, dobbel konsonant, teiknsetting, stor bokstav... kva det måtte vere av språklege tema som elevane skal lære.

D. ORDLEIK. MÅL: ØVE SPRÅKLEG KREATIVITET. ØVE SETNINGSBYGGING OG TEKSTBYGGING. LESEFORSTÅNG.

Etter lesing, skriveøving, diktat og retting er det tid for å leike litt med orda. Skriv dei ti orda opp på tavla. Elevane lagar så sine eigne setningar, dikt eller små forteljingar der alle orda skal vere med. Sjå gjerne kor mange av orda elevane klarer å bruke i ei setning. Ein byggjer etter kvart opp ein ordbank som veks, veke for veke, og som inviterer til meir kreativ leik med ord. Her får fri fantasi og diktartrong fritt spelerom. Elevane har ei eiga bok til å skrive ned orda og sine eigne tekstar i, og tekstane blir lesne høgt i klassen.

E. UNDERVEGSVURDERING. MÅL: TILPASSE UNDERSKJELLINGA OG FINNE NESTE STEG.

Elevar lærer best når dei forstår kva dei skal lære, kva som blir venta av dei, får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen, får råd om korleis dei kan gjere det betre og er involverte i sitt eige læringsarbeid, mellom anna ved å vurdere sitt eige arbeid og si eiga utvikling (Utdanningsdirektoratet, 2009). Vurderingssamtalar gir grunnlag for å legge til rette for tilpassa opplæring, og har tre gjensidig avhengige faktorar som føresetnad: Ein må for det første arbeide i den sona eleven har nådd, og så tilføre lærestoff som opnar den nærmaste utviklingssonan. For det andre må eleven ha eit godt utvikla forråd av kvardagsomgrep som opplæringsstilbodet

kan relaterast til. For det tredje er tilrettelegginga av fagstoffet og mobiliseringa av elevane sine omgrep avhengig av at det blir etablert eit samarbeid mellom lærar og elev. Når dette lykkast kan læraren sine instruksjonar, tilbakemeldingar, framovermeldingar, rettleiande opplysningar, oppmuntringar, deltaking og korrigering verke til å auke elevane sine faglege prestasjonar (Dalhaug og Nes, 2007).

Elevane si eiga vurdering av ordleiken eller diktaten gir grunnlag for ein samtale med kvar enkelt elev om korleis det gjekk med skrivinga denne veka. Sette orda fantasien i sving? Kom du på andre ord du kunne bruke? Laga du rim eller skulle det ikkje rime? Måtte du rette mykje eller berre litt i diktaten? Kva retta du? Kva synes du at du fekk bra til? Korleis gjekk det med dei doble konsonantane denne gongen? Kva lærer du? Oppleget blir tilpassa med utgangspunkt i samtalane med elvane og med foreldra. Leksa blir bestemt i samråd med elev og foreldre ut frå ei vurdering av korleis det går. Elevane må oppleve at meistring og framgang blir sett og verdsett. «No trur eg at du klarer deg med å lese berre to gonger høgt heime!» «No les du mykje betre, vi kan prøve med litt lengre lekse denne veka!» Ved slutten av kvar veke, etter kvart anna kvar veke, hadde lærar kontakt med foreldra, spesielt til dei svake lesarane, for å høyre korleis dei syntest det hadde gått denne veka. Det hendte også at foreldre tok kontakt for å diskutere oppleget og t.d. foreslå endringar ut frå korleis dei oppfatta framgangen til barnet sitt.

Verkar det? Og kva er det som verkar?

Dette oppleget famnar vidt samtidig som det er nitidig og detaljert. Heilskapen og detaljane heng saman. Heilskapen er læraren sitt ansvar. Dei elevane som strevar med lesing og skriving får ofte ikkje nok tid til å arbeide med detaljane. Vi må lære elevane å stoppe opp og fokusere. Når dei i ein periode har gjort dette ofte nok, aukar lesehastigkeit og leseforståing samstundes. Erfaring frå dette oppleget viser at dei flinkaste lesarane også hadde utbytte av å senke tempoet og fokusere så nitidig som dette i ein periode. Samtidig ser det ut til at rettskrivinga også blir betre for alle ved at vi drillar inn ordbilete og setningsbygnad grundig og systematisk. Der er nøyne samanheng mellom lesing og rett skriving av ord. Dei som les mykje

skriv også i større grad rett sjølv. Ordleiken er også viktig. Det er her kvar enkelt tek språket i bruk på eigne premissar.

Kjernen i heile opplegget er at ein jobbar systematisk, strukturerert, intenst fokusert og at ein jobbar parallelt både med lesetrening og leseforståing, rettskriving og kreativ skriving, med undring over ord og dialektar, munnleg samtale, høgtlesing av eigne og andre sine tekstar, med ordbilete, avkoding og forståing, alt ut frå det same grunnlaget; den korte teksten og dei ti fokusorda. Vilja, eller motvilja, til å arbeide så systematisk med skrive- og lesetreninga som dette ligg ofte hos læraren, medan det viser seg at over halvparten av elevane treng det. Dette er grunnleggande lese- og skrivetrening, og det får med alle, også dei som ikkje har så lyst og som heller ikkje syns at det er så gøy å lese og skrive, over det kritiske punktet på rett tid i skulegangen. God lesedugleik er eit resultat av ein lang utviklingsprosess, der målet er å bli ein innhaldslesar (Spear-Swerling og Sternberg, 1994) som kan:

- lese ulike typar tekstar lett og med utbytte
- lese med ulike formål og hensikter
- lese vanskelege og/eller uinteressante tekstar

For svært mange vil ein periode med så grundig, systematisk og strukturerert lese- og skriveopplæring som dette vere heilt nødvendig for å nå desse måla, og det vil føre dei over og forbi ei kneik som dei elles kan komme til å stoppe opp ved og måtte slite med vidare i skulegang og yrkesliv. Vi veit at norske elevar ikkje er så flinke til å lese og skrive som vi forventar at dei skal vere.

Nasjonale prøver og internasjonale undersøkingar som PISA, PIRLS og TIMMS viser dette. Forsking viser det same; alt for mange elevar stagnerer eller sakkar akterut fagleg frå 4. klasse. Fenomenet blir kalla «the fourth grade slump», og somme hevdar at dårlege leseferdigheiter på vidaregåande trinn kan førast attende til opplæringa i grunnskulen (Engen, 2007). Førebygginga av dette må starte tidleg og reine leselystprosjekt er ikkje nok.

Dersom ein berre fokuserer på betre ordlesing eller «overflatelesing», så vil ein ikkje utan vidare oppnå så mykje. Ein må også arbeide med ordforråd, munnleg språk, skriving, tekstanalyse og andre «high-level operations» (<http://www.rand.org/publications/MR/MR1465>), som går på forståinga. I dette undervisingsopplegget går desse prosessane parallelt.

Å legge eit godt grunnlag for hurtig avkoding og god leseforståing før møtet med den stadig aukande mengda av fagtekstar frå mellomtrinnet og vidare oppover, er heilt avgjerande for den faglege utviklinga til kvar enkelt elev. Dette er den enkelte læraren sitt ansvar, og det må konkret og god handling til i form av gode undervisningsopplegg som er tilpassa slik at alle elevane kan delta, i heil klasse, innanfor klasserommet.

KJELDER:

- Dahlhaug, Grete Berg og Nes, Kari (red.) (2007): *Kompetanse for tilpasset opplæring Artikkelsamling*. Utdanningsdirektoratet.
 Engen, Thor Ola (2007): Om stagnasjonen i møtet med faglige tekster på mellomtrinnet. I Madssen, Kjell-Arild (red.) (2008): *Pedagogikken i reformene - reformene i pedagogikken*. Festskrift til Peder Haug. Abstrakt forlag.
 Helgevold, L. og Hoel, T. (2007): *Bok i bruk på femte til sjunde trinn*. Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning, Stavanger.
http://lesesenteret.uis.no/leseopplaering/bok_i_bruk/bok_i_bruk_-1.-4._trinn/article11341-4066.html og http://lesesenteret.uis.no/leseopplaering/lesing_etr/article11329-4474.html
 Helgesen, P. J. (red.) (2008): *Les for meg!*, Nasjonalt senter for nynorsk i opptringa <http://www.nynorskcenteret.no/lesformeg/>
 Parr, Maria (2006): *Vaffelhjarte. Lena og eg i Knert-Mathilde*. Det norske Samlaget. Oslo.
 Parr, Maria (2009): *Tonje Glimmerdal*. Det norske Samlaget.Oslo.
 Spear-Swerling Louise og Robert J Sternberg (1994) *The road not taken*. Journal of learning disabilities. Volume 27. Nr 2.
 Utdanningsdirektoratet: LK06. Kompetanse i norsk. <http://www.udir.no/grep/Lareplan/?laereplanid=1001576&cvisning=5&csortering=2&kmsid=1001583>
 Utdanningsdirektoratet (2009): *Undervegsvurdering i fag*. Brosyre. http://udir.no/upload/Brosjyrer/Undervegsvurdering_i_fag_nn.pdf
<http://www.rand.org/publications/MR/MR1465> *Reading for Understanding: Toward an R&D Program in Reading Comprehension*

To undervisningstips med sakprosatekstar

Av Hjalmar Eiksund og Kristin Kibsgaard Sjøhelle

1. REVOLVERINTERVJUET

Aldersgruppe: ungdomsskole

Mange nyttar høvet på starten av skuleåret til å la nye fjes intervju kvarandre. Inkluderer ein datamaskinen med nokre enkle biletprogram og litt teksthandsaming, kan ein òg arbeide med samansette tekstar.

Ein samansett tekst er ein tekst som er sett saman av ulike former tekst. Samansette, eller multimodale tekstar er tekstar som skaper meinung gjennom ein kombinasjon av ulike modalitetar. I døma under er val av bilete og passande fargar, samt sideplasseringa av teksttypar med på å understreke kven intervjuobjektet eigentleg er og kva type tekst dette handlar om.

Revolverintervju med stiftepistol

Eit revolverintervju er på mange måtar prototypen på det vesle, effektive intervjuet, med kjappe spørsmål og ofte like kjappe svar. Dei døma vi viser til her er henta frå bladet *ELLE Interiør*, men er òg å finne på nettsidene til Tekstbasen, den internettbaserte sakprosasamlinga til Nynorsk-senteret (www.nynorsksenteret.no/tekstbasen). *ELLE interiør* har interiør og møbler som tema, og for å understreke dette har journalisten valt å døype om tittelen til *stiftepistol-intervju*. Intervjuobjektet vi viser til er jazzsongaren Beate Slettevoll Lech i jazzduoen Beady Bell.

Oppstart av undervisningsøkta

Start med å sjå på intervjuet med *Bella Donna* – anten på PC eller fargekopi – og gjer elevane merksame på kva ulike typar tekst som er i bruk. Kva er det som gjer teksten til ein vekebladtekst? Er sidetal, namnet *ELLE* og namn på forfattar og fotograf synleg nokon stad? Kvar er ingressen og bilettekst plassert? Er bruken av fargar tilfeldig, eller er det noko som går igjen? Er det t.d. tilfeldig at skjørtet til Beady Bell er i same blåtonen som augene hennar? Kva med tittelen?



Alle desse ulike verkemiddela er med på å gjøre teksten interessant å lese, og det er gjennom å gjøre elevane merksame på slikt, at omgrepet samansett tekst verkeleg kjem inn i biletet.

Intervju

Elevane får i oppgåve å lage eit liknande intevju av arbeidsmakkeren og teksten skal sjølvsagt vere på nynorsk. Ein kan godt bli einige om kva spørsmål ein vil bruke i fellesskap. Dette kan vere med på å lette intervju situasjonen for elevane, og det kan òg gjøre det enklare for kvar einskild å lese gjennom alle intervjuia og dermed danne seg inntrykk av heile klassa.

STIFTEPISTOLINTERVJU



Kjekteleg glad i?
Mine lampa eg fann
Utopia på Grüner-
la. Eg skulle eigen-
tikke ha nok,
ikke ikkje å gá
i, og enda opp
i å bere den rundt
lekkje heile dagen.



Heilt suveren?
Operasongarinna
Cecilia Bartoli. Eg
likar eigenleg ikkje
opera, men eg
meiner ho syng jazz.
Då eg såg eit bilde
av ho, der blikket
hennar á meg opp,
måla eg dette.

Endt? Ringen som far
ga mor mi, og som eg
sett på hana hennar i
ge år. Så fekk eg den.
Så glad i den!



Balkongen?
En fann i Egypt.
Ikar at balkongen
vere innbydande
hesten litt overdådig.

Rotehovud eller ordensmenneske?

Eg er nok eit ordensmenneske.
Fordi det er ganske kaotisk inne i
meg, likar eg å ha orden på utsida.
Men det er ei utfordring, spesielt
med ei lita dotter på 1 ½ år, som synast det kjekkaste
i verda er å trykke brunosten ned i golvet ...

Handy eller dandy? Kanskje begge deler?
Eg har pussa opp ein del, men står meir for oppmålinga
enn sjølv saginga. Eg bestemmer kor skapet skal stå,
men det er kanskje ikkje eg som bygger det, for å seie
det slik.

Minimalisme eller maksimalisme?

I denne ordensmenneske hang up-en min er der nok
eit snev av minimalisme. Men det kjem litt an på.
Ta balkongen min, for eksempel. Der tar eg det maksimalistiske heilt ut, med mange store puter, fleire tepper
på golvet, lykter og urter. Litt 1001 natt-stemning!

Ikea, R.O.O.M. eller Fretex? Ei salig blanding.
Eg kan ikkje bestemme meg for ein ting, då blir det
frykteleg kjedeleg. I min heim, som sikkert består av 80 prosent
vara møbler, går der ikkje an å seie enten det eine eller det andre.

Frå ein til ti, kor oppteken er du av interiør?

Eg er ganske høgt oppe, men eg får ikkje dyrka interessa så mykje som
eg vil. Eg har flytta ganske mykje i barndomen – eg er skilsmissebarn –
og var alltid veldig opptatt av å ha mi eiga hule. Så om
eg ikkje heng på ein tiar, så kanskje ein åttar?

Kva drøymer du om? Eg er
eigenleg ikkje så drøymete av meg.
Verkelegheita er så bra at eg treng
ikkje drøyme. Slik som no, for
eksempel, med nyutgitt plate og
ein heil sommar fylt med turné og
konsertar. Kven treng drøymar då?

Største wow-augeblick?
Åh, jöss. Det er så mange wow-ar
rundt omkring, at eg klarar
ikkje å velje. Korleis rangere dei
opp mot kvarandre? Nei, det
var vanskeleg.

Største lidenskap? Musikk
er hundre prosent lidenskap for meg.
Det er snakk om å leve eller ikkje leve, stort
meir lidenskapeleg kan det vel ikkje bli.
Eg er nok generelt ein livsnytar,
og er frykteleg glad i interior
og i å lage mat. Men lidenskap,
sånn langt inne i margen, det
er musikk for meg. □

*Beady Belle er ute med albumet Belvedere
og turnerer verda – og litt i Noreg –
i sommar. Sjekk www.beadybelle.com*



Kjelde til inspirasjon?
Wurlitzer-en min. Den har
lyd av melankoli og 70-tal.
Eg har laga mange
fantastiske låtar på dennen!



Affeksjonsverdi?
Barneserviseli mitt
som eg åt frå då
eg var litra. Ein dag
skal dottera mi og
gjøre det. Men ikke
enno. Foreløpig er
plast tryggast ...



Deilige liten ting? Third hand-veska eg
kjøpte i Berlin. Det var så mykje fint i den
butikken eg fann ho at eg kunne gått ut
med fire-fem stykke. Men denne vann!



Prikk over i-en?
Bryllaupskoo mine.
Eg hadde eigenleg
kjøpt nokre andre,
men då eg fann desse
var dei perfekte.



Fotografering

Bilete høyrer med. Om ikkje skulen har digital-kamera ledige, har mange elevar i dag eigne mobilar med kamera. Ein kan t.d. ta biletet av kva som fins i sekken, i pennalet, kva klede ein nyttar, sko, briller, lekseboksider etc. Eit poeng må vere å skaffe seg eit omfangsrikt inntrykk av kven intervjuobjektet er – òg gjennom bileta.

Vidare arbeid

Ferdigstillinga av intervjuet skjer på datamaskinen. Etter å ha importert bileta frå kameraet/mobil-kameraet og plassert dei i teksten, kjem turen til redigeringa. I dei vanlegaste teksthandsamarane (MS Word og OpenOffice) finns det vertøy for topp- og botntekst, storleik og fargeval av teksten. I tillegg er det mogleg både å forstørre og forminske bileta. Vel ein òg å la teksten flyte fritt, kan ein plassere bileta kvar ein ønskjer i teksten. Eitt av måla kan vere å få intervjuet til å likne mest mogleg på stiftepistolintervjuet i dømet.

2. ARBEID MED NYNORSKE REKLAMAR

Aldersgruppe: ungdomsskole

Ein måte å opne nynorskaugene til elevar på, er å la nynorsken dukke opp på stader du elles ikkje møter han. Reklamar er vanlegvis ein sjanger med få nynorske føredøme. Nynorsksenteret har likevel samla nokre i Tekstbasen, og desse kan vere greie å vise til i førearbeidet. Gode døme kan vere bokstavkjeksreklamen til Sætre kjeks eller Playmo-

reklamen til www.ruteinfo.net. Begge bruker nynorsk – av ulike grunnar. Eitt av måla med dette undervisningstipset kan vere å gjere elevane merksame på at val av skriftspråk kan vere eit verkemiddel i reklameproduksjonen.

Oppstart og klasesamtale

Ta til med ein klasesamtale over kva som kjennteiknar ein god reklame, og om nynorsk i utgangspunktet har noko i reklame å gjøre. Gå deretter igjennom nokre kjende reklamar og diskuter saman med elevane kva verkemiddel som er i bruk ved kvart av dei. Til dømes kan bruk av fargar, tekst-plassering, tema for reklamen, reklamemotto, humor, ulike poetiske verkemiddel som rim, rytme, litterære sitat etc., gjenbruk av kjende bilete og ulike påstandar som «dette produktet gir deg sjølvillit og...». I samarbeid med elevane kan de bli einige om ei liste med kriterium over kva som bør vere med i ein god reklame.

Døme henta frå tekstbasen:

- Det litterære sitatet: Ooooh, vi reiser saman
Reklame for www.ruteinfo.net
- Gjenbruk av kjende bilete:
Epleferda i Hardanger
Reklame for Tine Juice
- Fargebruk: Ingen har meir **bær** og færre kaloriar
Reklame for Lerum jordbærsvyltetøy
- Påstandar: Bokstavkjeks forskjellbehandlar ikkje. Reklame for Sætre bokstavkjeks

Parabid med bilete og teksthandsamar

Elevane får så i oppgåve å lage ein eigen reklametekst kombinert med eit bilet henta frå Internett. Aktuelle bilete kan enkelt bli funne på nettstader som www.flickr.com – ein nettstad for deling av bilete – eller www.ibiblio.org – ei alfabetisk oversikt over kjende kunstnarar frå heile verda med fotografi av biletta deira. Dette gir deg som lærar eit godt høve til å problematisere opphavssrett og referanseplikta ein har som brukar av nettressursar.

Som i arbeidet med revolverintervjuet i undervisningstipset over, er det mange måtar å handsame biletta på i program som MS Word og OpenOffice. Nokre elevar treng truleg ei rask innføring i korleis dette kan gjerast, men erfaringmessig tek dei fleste dette ganske kjapt. Dersom elevane har annan programvare tilgjengeleg må dei sjølvsagt kunne bruke han òg.

No skal reklameteksten ferdigstillast. Han skal skrivast på nynorsk og følgje dei kriteria som klassa vart einige om timen i førevegen. Den ferdige reklamen sender så elevane over til læraren, som klargjer resultata for vising på storskjerm.

Presentasjon og elevvurdering

I siste del av arbeidsperioden presenterer elevane reklamane for kvarandre. Det kan vere nyttig å la elevane evaluere kvarandre med utgangspunkt i kriterium ein er einige om på førehand. Ein god strategi er å la elevane konsentrere seg om kva dei andre har fått til. Kritikk bør ein sjeldan ta i plenum. Å få reklamen sin blåst opp i storformat på skjermen og vurdert av andre opp mot allment godkjende kriterium er både viktig og motiverande. Elevane får presentert og vurdert arbeidet for resten av klassa. I tillegg er den umiddelbare responsen på eit arbeid uvanleg i skolen og ekstra motiverande.

NYNORSK

I desse forslaga til undervisningsopplegg er samansette tekstar og treninga i nynorsk gjennomgåande tema. Nynorsk kan fort bli eit usynleg skriftspråk utanfor skolen, anten ein har bokmål eller nynorsk som opplæringsmål. Det er derfor lurt å bruke nynorske døme i populære tema. Det å nytte nynorske brukstekstar i samansette tekstar, som reklame og intervju, kan vere eit flott springbrett til vidare diskusjonar kring språklege førebilete, språkleg påverknad og ikkje minst språkleg identitet. God nynorskoplæring er ein sjølvsagt del av god norskopplæring.

NETTRESSURSAR
www.nynorsksenteret.no/tekstbasen
Bruk sokefunksjonen og skriv inn *Stiftepistol* og/eller *Reklame*.



Nynorsk som reklamespråk i og utanfor klasseromet

Av Kristin Kibsgaard Sjøhelle

I undervisningsopplegga over ønskjer vi å vise døme på korleis elevane kan produsere eigne biletrekamarar og samansette tekster der nynorsk er bruksspråk gjennom heile arbeidet. Opplegget som omhandlar reklame, opnar for at elevane sjølv kan velje kva dei vil reklamere for, og kva signal dei vil skal nå lesaren. I kompetansemåla for norskfaget har reklamen ein naturleg plass under samansette tekstar. Elevane skal kunne skildre estetiske uttrykk i reklamen og drøfte ulike funksjonar som er knytt til språk og bilet. Dei skal òg kunne tolke og vurdere samspelet mellom munnleg og skriftleg språk, bilet, lyd og musikk, rørsle, grafikk og design og vise samanhengen mellom innhald, form og formål. Denne kompetansen skal dei sjølvsagt kunne bruke både til å produsere eigne tekstar, og til å lese, analysere og forstå andre sine tekstar.

Tema til diskusjon

I etterkant av undervisningsopplegget med reklame kan det vere verdifullt å diskutere med elevane korleis dei opplever det å bruke nynorsk som reklamespråk. Gjennom arbeidet med eigenprodusert reklame har dei teke ein del val i høve til korleis dei vil at mottakarane skal lese og tolke teksten deira, og i framsyninga har dei fått tilbakemeldingar frå dei andre elevane på korleis dei les reklamen. I ein klasseamtale kan ein løfte blikket og diskutere korleis reklame på nynorsk fungerer meir generelt i samfunnet elles. Kva signal sender den nynorske reklamen ut til mottakaren? Verkar han annleis på lesaren med eit anna skriftspråk enn bokmål, eller er det likegyldig kva målform reklamen er på? Og kvifor finn vi så lite reklame på nynorsk? (For fleire tips å jobbe med sjå gjerne boka *Sammensatte tekster*. *Arbeid med digital kompetanse i skolen*. 2009)

Når vi jobbar med samansette tekstar med elevane, er gode døme og modellar heilt sentralt for arbeidet. Men den nynorske reklamen er ei mangelvare i den verkelege reklameverda, særleg i nasjonale media. Spørsmålet om kvifor nynorsk ikkje blir brukt meir som reklamespråk, har vore på dagsorden dei seinare åra, og ein fin innfallsinkel til ein klassediskusjon er å sjå på debatten i media. I ein artikkel på NRK kultursidene i 2003 med tittelen «Heller urdu enn nynorsk» (<http://www.nrk.no/nyheter/kultur/2564420.html>), slår Paal Tarjei Aasheim frå reklamebyrået JBR fast at nynorsk ikkje eignar seg som reklamespråk. Det vil verke ekskluderande overfor dei brukarane som ikkje liker nynorsk, hevdar han, og meiner dei vil skyve produktet frå seg.

Reklame for heile folket

I lys av ein slik kommentar er det interessant å lese kva grunnar Stabburet hadde for å lansere den nye Grandiosa-pizzaen sin fem år seinare. Dei engasjerte ein nynorsk tekstforfattar til å skrive ein song til reklamen. Teksten fekk følgje av ei kjend poplåt og ein video som viser korleis alle slags folk går mann av huse etter den nye pizzaen.
–Det vi tenkjer er at Grandiosa er for alle, derfor gjer vi det på nynorsk denne gongen, seier informasjonssjefen for Stabburet i eit intervju i Nationen. Sylfest Lomheim i Språkrådet tek ideen bak denne reklamen eit hakk vidare og meiner at reklamefolk burde vite at nynorsk er veleigna som reklamespråk fordi det kan skape større merksemad rundt eit produkt. –Det spelar inga rolle om dei liker nynorsk, seier han («Grandiosa på nynorsk» <http://www.nationen.no/mat/article3336747.ece>)



Vi lett at sjøen
far kan lage middag

Ideen om å bruke begge målformene for å gjøre eit produkt ålm̄ent er ikkje Stabburet åleine om. Sætre kjeks hadde ei kanskje enno tydelegare melding til brukarane, der dei spelar på det å nå alle med sitt produkt. «Vi er glade for å informera deg om at Bokstavkjeks ikkje forskjellsbehandlar NYNORSK og BOKMÅL...» heiter det i reklamen deira. Her er det å bruke både nynorsk og bokmål side om side eit tydeleg signal om at ein ønskjer å møte eit breitt spekter i folket.

I boka *På mange måtar* (2007) som omhandlar samansette tekstar, peikar Anne Løvland på noko av det same i ein analyse av ein annonse for Kirkens Nødhjelp som er skriven på begge målformene. Ho les annonsen som eit ønskje om å framstå geografisk og kulturelt nøytral når han finst både på bokmål og nynorsk. Annonsen har ein viktig ålmenn bodskap der det er eit poeng at alle skal kjenne seg treft av han.

Nynorsk som eigen modalitet?

Når ein analyserer ein reklame med nynorsk som reklamespråk er det interessant å trekke fram språkvalet i reklamen som ein eigen modalitet, eller eit eige verkemiddel i seg sjølv. Språket er kanskje ikkje utelukkande valt for å formidle ein tekstbodskap. I fleire reklamar vil det nettopp vere tankar bak, anten det handlar om å vise at ein har eit breiare nedslagsfelt i folket eller vise ein slags nøytralitet. Ein kan òg lese språkvalet som noko som støttar opp resten av uttrykket i reklamen. Det kan vere nynorsk er valt for å understreke at produktet kjem frå ein spesiell plass i landet, som i Lerum sine reklamar for saft, jus og syltetøy. Her kan ein tenkje seg at reklameskaparen bruker nynorsk reklamespråk som ein eigen modalitet for å skape eit heilskapeleg bilet av opphavet til produktet. Ein understrekar noko naturleg, folkeleg og ikkje minst det tradisjonsbundne med språket i kombinasjon med dei andre modalitetane i teksten. Reklamen er med på å skape avstand til det urbane, og får fram det bonderomantiske og heilnorske.

Tine meierier tek det nasjonalromantiske konseptet enno litt vidare i ein reklame for eplejuice. Ein eigen versjon av Tidemann og Gude sitt klassiske «Brudeferden i Hardanger» er sjølve rama for reklamen, og dermed er lesaren allereie på plass i noko velkjend og velbrukt. Med den nynorske biletteksten

«Epleferda i Hardanger», tydeleggjer reklameskaparen korleis språket spelar på lag og leikar med det nasjonale og tradisjonelle uttrykket i biletet. (Sjå <http://www.nynorskcenter.no/tekstbasen> for reklamedøma som er brukte her.)

Reklamearbeid i klasserommet

Ungdommar har ofte brei kompetanse når det gjeld å lese ut verkemiddel og modalitetar i reklame. Ein jobbar på deira banehalvdel fordi dei dagleg tek stilling til reklame som nettopp rettar seg til denne aldersgruppa. Nynorsk som reklamespråk er likevel ikkje noko dei ser rundt seg for ofte, og det kan derfor vere interessant og verdifullt å diskutere temaet, gjerne med bakgrunn i artiklane som er vist til her. Det kan godt vere eit poeng å vise begge sidene av denne debatten, og gjerne la elevane sjølve sjå etter døme på nynorsk reklame eller synspunkt på dette. Eitt av måla her er at dei skal kunne gjere eigne medvitne konklusjonar i høve språkbruk i reklamen, og at dei skal sjå språket som ein del av fleire uttrykk. Samstundes er det viktig at elevane får hjelpe til å sjå korleis reklamespråket på nynorsk kan lesast som ein eigen modalitet i den samansette teksten. Eit opent spørsmål er vel om det er nettopp fåtalet reklamar på nynorsk i forhold til dei som er på bokmål som gjer at vi kan tolke det slik.

KJELDER:

- Aursland, Tonje/Torunn P. Westerfjell: "Heller urdu enn nynorsk". Artikkel i NRK kultursidene i 25.02.2003. (<http://www.nrk.no/nyheter/kultur/2564420.html>)
- Kirknes, Leif Martin: "Grandiosa på nynorsk". Artikkel i Nationen 09.02.2008. (<http://www.nasjonen.no/mat/article3336747.ece>)
- Kunnskapsloftet, Læreplan for grunnskole og videregående skole. (<http://www.utdanningsdirektoratet.no/grep/Kunnskapsloftet-fag-og-læreplaner/>)
- Liestøl, G. et al. (2009): *Sammensatte tekster. Arbeid med digital kompetanse i skolen*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag
- Løvland, Anne (2007): *På mange måtar. Samansette tekstar i skolen*. Bergen: Fagbokforlaget
- Nynorskcenter, Tekstbasen: Samling med reklamer <http://www.nynorskcenter.no/tekstbasen>

Kort om den nynorske språkhistoria

Av Stig Jarle Helset

Kvifor har vi to skriftspråk? Kva skjedde eigentleg med språket? I denne artikkelen skal vi sjå nærmare på hovudtrekka i den nynorske språkhistoria. Vi ynskjer å få fram bakgrunnen for at det på 1800-talet vokс fram eit eige norsk skriftspråk i opposisjon til det danske, som til då hadde vore einerådande. Derfor må vi først sjå på utviklinga av så vel talemålet som av skriftspråket i landet før den tid. Utetter 1800-talet oppstod det intense debattar mellom tilhengjarane av dansk og det nye landsmålet. Landsmålet fekk etter kvart status som sjølvstendig språk og vann stendig meir terreng i første halvdel av 1900-talet, før det igjen tapte terreng fram mot vår tid. Denne utviklinga freistar vi å skildre og forklare i hovuddelen av artikkelen. Undervegs kjem vi med framlegg til øvingar som er knytt opp mot ulike typar historiske kjelder og inndelte etter tidsbolkane i artikkelen.

Språkutvikling 1000-1800

Fram til 1200-talet reknar ein med at dei fleste av innbuarane i Noreg snakka eit nokså einsarta norrønt språk, med små skilnader mellom dei ulike landsdelane. På 1200-1300-talet tok det tyske hansaforbundet kontroll i landets største by; Bergen. Dermed oppstod det ein massiv påverknad frå nedertysk på det norske språket. Ord som dei fleste i dag reknar som heilt og fullt norske, kom eigentleg frå tysk: *kopp*, *papir* og *støvlar*. Det same gjeld pre- og suffiks som *an-*, *be-*, *-heit* og *-else*, som i dag er mykje brukte i både tale og skrift i norsk.

Om lag 1350 råka den store europeiske pestbølgja Noreg. I tiåra som kom, utraderte svartedauden nær halvparten av folkesetnaden. Det blei langt mellom grender og gardar. Når folk lever isolert frå kvarandre over tid, skilt av høge fjell og djupe fjordar, vil det utvikle seg ulike dialektar. Det norrøne talemålet blei erstatta av eit mangfold

av norske dialektar. Ein er i dei påfølgjande hundreåra vitne til den største omlegginga av norsk talemål nokon tid. Men ved inngangen til 1600-talet var omlegginga stort sett over. Ein person frå t.d. Voss i dag, ville såleis ha hatt små problem med å føre ein samtale med ein person som levde i same grenda på 1600-talet.

Heilt fram til 1350 nyttar dei få skriftkunnige nordmennene det norrøne skriftspråket. Dette språket blei først skrive med teiknsystemet den yngre runerekka, men etter kvart som katolisismen breidde seg i Noreg, nyttar dei skriftkunnige stendig oftare det latinske alfabetet. Etter svartedauden gjekk Noreg inn som den svakaste parten i Kalmarunionen, med Sverige og Danmark som dominante makter. Utetter det neste hundreåret blei det gamle norrøne skriftspråket kraftig utvatna med både svensk, dansk og ikkje minst nedertysk språk. Dei språklege endringane var så store at ein reknar med eit eige mellom-norsk skriftspråk frå om lag 1525. Det er grunn til å presisere at dette var eit unormert skriftspråk, der dei ulike 1500-talsskriftbøkene nyttar til dels ulike ord- og bøyingsformer.

I 1536 blei Noreg sin status i unionen endå meir svekka. Sverige hadde gått ut av unionen, og Danmark tok styringa over Noreg. Samstundes innførte Danmark-Noreg reformasjonen. For dei fleste landa i Vest-Europa medførte reformasjonen ei styrking av morsmålet, i og med at Luther og protestantismen la vekt på at befolkninga skulle få tilgang til skriftene på sitt eige språk. Men i Noreg fekk reformasjonen den stikk motsette verknaden. Bibelen, katekisma og salmeboka blei nemlig berre publiserte på det danske skriftspråket. Kring 1500 fekk ein òg dansk universitet og prenteverk. Under eineveldet mellom 1660 og 1814 skjerpa kongen yttarlegare inn på krava

om ei streng normering av det danske skriftspråket. T.d. forbudde han såkalla norvagismar, dvs. norske ord og vendingar som ein tidlegare hadde brukt for å gjere det danske språket lettare å forstå for nordmennene.

Konfirmasjonen blei innført i 1736, og tre år seinare starta ein med allmugeskulen. Dermed måtte alle norske born og ungdomar lære seg å lese og skrive på dansk, noko som for mange var særstakt vanskeleg, sidan dette språket låg langt frå deira eige talemål.

Forslag til arbeid i klasserommet:

- Skriv førenamnet ditt med den eldre runerekkja futhark – jf. pdf 1.
- Studer Petter Dass-teksten. Finn 5 ord som du tykkjer er merkeleg skrivne. Samtal om kva som er merkeleg med desse orda. (Nokre hjelpestikkord: Substantiva, stumme konsonantar, vokalutvikling og ordval) – jf. pdf 2.

Språkstrid og språkendring på 1800-talet

Då Noreg kom ut av unionen med Danmark og fekk si eiga grunnlov i 1814, var det altså svært stor skilnad på det talemålet dei aller fleste nordmenn nyttet i kvardagen og det danske skriftspråket som dei møtte i det offentlege rommet, som under konfirmasjonsførebuingar og i kyrkja elles, i lese- og skriveopplæringa i skulen, i administrative skriv i stats- og lokal-forvaltninga og i tidsskrift, aviser og bøker. I eit slikt lys er det forståeleg at det etter kvart tvinga seg fram eit krav om eit eige norsk skriftspråk, særleg i Bygde-Noreg. Noreg var på denne tida eit todelt samfunn. På den eine sida stod bonestanden, som tala ulike norske bygdedialekta, men som hadde litra reell politisk makt i første halvdel av 1800-talet. På den andre stod embetsmannsstanden og borgarskapet. Dei nyttet dansk skriftspråk i alle samanhengar og freista jamvel å bruke eit talespråk basert på dansk skriftspråk, såkalla klokkardansk. Det var desse gruppene som sat med høvesvis den politiske og den økonomiske makta i Noreg, trass i at dei utgjorde berre ein liten del av folket.

I 1830-åra braka språkstriden ut i full mon, med krasse debattar i aviser og det offentlege rommet elles. I fremste rekje, men på kvar si side,

stod to av landets diktarhøvdinger.

På den eine sida stod Johan Sebastian Welhaven og hans «danomanar», som meinte at ein burde halde på dansken fordi dette var eit europeisk kulturspråk. På den andre stod Henrik Wergeland og «Norskhetspartiet», som meinte at ein burde fornorske dansken gradvis. Grunngjevinga var dobbel; det ville lette skriftspråkopplæringa til borna, samstundes som det på lang sikt ville gje nasjonen eit eige skriftspråk. Språkforskaren P.A. Munch gjekk sterkt i mot å innføre eit slikt blandingspråk. Han meinte at ein anten måtte halde på dansken eller så måtte ein danne eit eige skriftspråk bygd på norrønt og tradisjonsdialektar.

I 1840-åra bygde Knud Knudsen vidare på idéane til Wergeland og satsa på å fornorske det danske skriftspråket. Han meinte at fornorskinga måtte ta utgangspunkt i «den dannede dagligtale», dvs. talemålet til embetsmennene og borgarskapet i By-Noreg. Endringane måtte kome smått om senn, slik at folk fekk sjanse til å venne seg til med dei. Motivet bak endringsframlegga til Knudsen var nok først og fremst pedagogiske; det ville bli lettare for folk å lære seg å lese og skrive på eit skriftspråk som låg nærmere talemålet. Reformprogrammet hans enda opp i riksmalet, som vi i mykje endra form i dag kjenner som bokmål.

Ivar Aasen bygde vidare på idéane til Munch og satsa på å danne eit sjølvstendig norsk skriftspråk. Men til skilnad frå Munch, meinte han at det nye skriftspråket måtte vere ein fellesnemnar av norske bygdedialekta. Når ein var i tvil om ordformer, måtte ein sjå til systemet i det norrøne språket. Elles burde ein reinske ut framandord, særleg frå tysk og dansk. Motivet bak språkreisingsarbeidet til Aasen kan vere samansett; dels nasjonal-romantisk, dels sosialreformatorisk og dels pedagogisk. Aasen reiste i 1840-åra på granskarfert over store delar av Bygde-Noreg og samla inn målprøver, med støtte frå Videnskabs-selskapet. Systematiseringsarbeidet enda med *Norsk Gramatik* (1864) og *Norsk Ordbok* (1873), som altså danna grunnlaget for landsmalet, som vi i mykje endra form i dag kjenner som nynorsk.

Utetter siste halvdel av 1800-talet oppstod ein stendig kraftigare kamp mellom dei som var tilhengjarar av Knudsen si fornorskingslinje og dei som gjekk inn for Aasen si nyskapingslinje





– ein kamp som var og kanskje framleis er ein del av ein breiare politisk kamp mellom ulike delar av det norske samfunnet. Fornorskinglinja/Riksmålet fekk støtte frå embetsmannsstanden og borgarskapet, den politiske høgresida, Austlandet og By-Noreg og Riksmaalsforbundet (1909). Nyskapingslinja/Landsmålet fekk støtte frå bønder og byradikalarar, motkulturelle rørsler, den politiske venstresida, Fjord- og Fjell-Noreg og Noregs Mållag (1906).

Forslag til arbeid i klasserommet:

- Gå i lærar i rolle som Ivar Aasen. (Sjå også filmen *Møte med Ivar Aasen* på vedlagt DVD) Diskuter kva Ivar Aasen ville med skriftspråket og korleis han grunngav synspunkta sine – jf. pdf 3.
- Studer ei av prøvene i *Prøver af Landsmaalet* av Aasen frå 1853 – jf. pdf. 4. Samanlikn den med din eigen dialekt i dag og med moderne nynorsk. Finn du likskapar?

Språkleg tilnærming, med framgang og tilbakegang for nynorsken 1905-2005

I samband med unionsoppløysinga frå Sverige i 1905 voks det fram sterke nasjonale straumdrag i Noreg. Det nye norske skriftspråket til Ivar Aasen fekk mykje vind i segla, med sterkt støtte frå Venstre, som var det dominerande politiske partiet på Stortinget. Dei første tiåra etter unionsoppløysinga voks talet på skulekrinsar med nynorsk som skriftleg opplæringsmål kraftig. Tuppen blei nådd i 1944, då nesten halvparten av krinsane valde nynorsk og over 34 % av elevane i grunnskulen hadde dette som sitt opplæringsmål. Ei viktig årsak til dette er endringane av rettskrivningsreglane som kom i første halvdel av 1900-talet.

Som vi har sett, vart landsmålet praktisert på veldig ulike måtar av ulike skribentar og forfattarar på 1800-talet. Nokre la seg tett opp mot Aasen-normalen, andre skrev eit meir arkaisk språk, medan endå andre skrev meir opp mot sitt eige talemål.

Utetter 1900-talet fekk landsmålet/nynorsken stendig nye normeringar. Dei sentrale reform-årstala er 1901, 1910, 1917, 1938 og 1959. Her ser ein to hovudtendensar, nemleg tilnærming til riksmalet/bokmålet og tilpassing til det mo-

derne talemålet i Bygde-Noreg. Eit lite døme kan vere med på å illustrere denne utviklinga: Før 1917 heitte det soli på landsmål og solen på riksmalet. Etter 1917 kunne ein velje mellom soli og sola på landsmål og sola og solen på riksmalet. Etter 1938 heitte det sola både på nynorsk og bokmål, som hadde blitt nye offisielle nemningar på dei to skriftspråka frå 1929.

Dei siste 50 åra har det ikkje vore nokon større, samla rettskrivingsendringar i nynorsk. Likevel har Norsk språknemnd (1952) og Norsk Språkråd (1972), som bære fekk til mandat å arbeide for ei tilnærming mellom dei to skriftspråka, lagt fram forslag til mange mindre endringar som har blitt vedtekne. Ein kan hevde at dei fleste endringane i nynorsk har opna for meir bokmålsprega former. Bokmålet har gjennom to reformer i 1981 og i 2005 derimot forkasta tidlegare tillatne nynorskprega former og akseptert tidlegare forbodne konservativt prega riksmaletsformer. Vi kan t.d. merke oss at det no igjen er tillate å skrive *solen* på bokmål. Samlingstanken synest å vere forlaten.

Etter krigen tapte det nynorske skriftspråket raskt terreng som opplæringsmål. I 1978 var det berre 16,4 % av elevane som hadde nynorsk som opplæringsmål. Ein slik kraftig tilbakegang kan ha mange årsaker, men viktige stikkord er truleg urbanisering, kommunesamslåing og indre splitting i målrørsla. I målrørsla stod to leirar hardt mot kvarandre. Tradisjonalistane meinte at ein berre kunne ta vare på nynorsken ved å følgje ei streng, arkaisk normering som skilde nynorsken klart frå bokmål. Dei radikale meinte at det nynorske skriftspråket skulle basere seg på talemålet, og når dialektane blir stendig meir normalisert, må normeringa av skriftspråket følgje etter, med mange valfrie former, sjølv om det då blir meir likt bokmålet.

Dei siste 30 åra har prosenten av nynorskbrukarar i skulen lege nokså stabilt kring 17 %. Stabiliseringa kan nok dels forklarast med målrørsla sine vellukka kampanjar i 1970-åra, der ein klarte å knytte språkspørsmålet opp mot positive identitetsfaktorar og demokratiske rettar: Snakk dialekt, skriv nynorsk! I dag er det i allfall generelt mykje større aksept for språkleg mangfold enn det var t.d. i 1950-åra.

Det kom ei rekke vedtak som skulle styrke nynorsken sine rettar i samfunnet utetter 1900-talet. Lærebøker og andre læremiddel skal føreliggje samstundes og til lik pris på nynorsk og på bokmål. Statsorgan som departementa, høgskular og universitet og ikkje minst NRK, er plikta til å nytte minst 25 % nynorsk / bokmål. I tillegg har institusjonar innanfor høgare utdanning ansvar for å ta vare på norske fagtermar, noko som er viktig for å demme opp for påverkningen frå engelsk.

Vi har mange gode døme på framifrå nynorskbruk både innanfor skjønnlitteraturen, i tidsskrift og aviser. Men eit problem for nynorsken kan vere at dei ulike skribentane brukar ulike rettskrivingsformer når dei skriv, slik at det blir vanskeleg for dei unge å danne seg eit klart bilet av kva som er korrekt og god nynorsk. Det største problemet for nynorsken i dag er nok likevel at (moderat)

bokmål dominerer i alle delar av samfunnslivet, og ikkje minst innanfor forretningslivet og populærkulturen.

I mandatet til det nye Språkrådet (2005) er samlingstanken mellom nynorsk og bokmål heilt forlatten. Rådet skal arbeide for ei styrking av stillinga til norsk språk generelt, og ei styrking av stillinga til det nynorske skriftspråket spesielt. Det siste fordi nynorsken er meir truga enn bokmålet.

Forslag til arbeid i klasserommet:

- Studer variantar av «Berre ein hund» av Per Sivle – jf. pdf 5.
 - Diskuter korleis rettskrivinga har endra seg?
 - Samanlikna ulike variantar av konservativ, moderat og radikal nynorsk – jf. pdf. 6.
 - Diskuter kva for nynorsk som er eldst, vakrast, best til å argumentere med osv.
- Kva for nynorskbrukar vil du vere?

Vedlegg

Mange av øvingane krev at ein nyttar ein del spesielle kjelder som ikkje alltid er like lett å finne fram til. For å lette dette arbeidet har vi lagra eit knippe vedlegg i pdf-format som ein finn i ressursbasen til rettleiingsmateriellet *Lesing er...* på Lesesenteret sine nettsider. (http://lesesenteret.uis.no/leseopplaering/lesing_er/) Her følgjer ei liste over vedlegga.

PDF-1: Tilhøvet mellom den eldre runerekka, futhark, og nyare bokstavar.

Lenke: http://nn.wikipedia.org/wiki/Den_eldre_futharken

For meir informasjon om futharken, sjå: <http://www.arild-hauge.com/runics.htm>

PDF-2: Tekstutdrag skrive på dansk, med innslag av norvagismar: Utdrag frå «Innledning» til *Nordlands Trompet*, som blei skrive av presten og opplysningsmannen Petter Dass på slutten av 1600-talet. For søk på fleire danske og dansk-norske tekstar, sjå: <http://www.dokpro.uit.no>

PDF-3: *Om skriftspåket vårt*, som vart skrive på dansk av Ivar Aasen i 1836, men først publisert i 1909 under tittelen *Om vort Skriftsprøg*. Her attgjeve i nynorsk versjon.

Kjelde: http://www.aasentunet.no/download.asp?object_id=647F60E05F51498793A5E79EA72EDB5.pdf

PDF-4: Utdrag frå "Prøver af Landsmalet i Norge" av Ivar Aasen, 1853.

Kjelde: http://www.aasentunet.no/download.asp?object_id=EEFB83761B5749D6A2FF1540373757AE.pdf

PDF-5: Utviklinga av nynorskrettskrivinga på 1900-talet, med døme på ulike rettskrivingsversjonar av «Berre ein hund» av Per Sivle.

Kjelde: <http://www.sprakradet.no/Politikk-Fakta/Fakta/Rettskrivingsreformer/#nynorsk>

PDF-6: Døme på radikal, moderat og konservativ nynorsk rettskriving i dag. Kjelde: Selback, Bente. 2001. «*Det er heilt naturleg*». *Ei granskning av skriftspråkshaldninga*. Upublisert hovudoppgåve, UiB.

Lenker som gir mykke og viktig informasjon om nynorsk skriftspråk før og no. <http://www.sprakradet.no/> <http://www.nynorskcenter.no/> <http://www.aasentunet.no/>

Bli med inn i klasserommet! Materiellet på DVD-en.

Ville det ikkje vore kjekt og inspirerande å sjå korleis andre norsklærarar la opp undervisninga si? Med filmane som ligg ved dette heftet får du vere gjest i åtte klasserom ulike stader i landet. Du får mellom anna sjå døme på lesing med rollekort, bruk av dramateknikkar, reklame på nynorsk og du får møte sjølvaste Ivar Aasen. Kom inn, kom inn!

Av Knut Åge Teigen, Snöball Film

Dei tolv filmane på DVD-plata som følgjer med dette heftet er filmar frå ressurspakka *i praksis: nynorsk som sidemål i grunnskulen*. Filmane viser gode døme på ein undervisningspraksis som engasjerer elevane og som let dei vere aktive leسارar og skrivarar.

Kvar film dokumenterer korleis eit konkret undervisningsopplegg blir gjennomført i ein klasse. Undervegs i filmen kommenterer og reflekterer læraren over undervisningsopplegget, elevaktiviteten og dei didaktiske vala som blir gjort.

Trass i at filmane i utgangspunktet tek føre seg nynorsk som sidemål, så vil filmane truleg ha like stor interesse for norsklærarar generelt. God sidemålsundervisning er i høgste grad også god øving i dei grunnleggjande ferdighetene lesing og skriving.

Etter kvar filmpresentasjon står det forslag til diskusjonsspørsmål som kan vere aktuelle å drøfte etter å ha sett filmen. Kanskje får du lyst til å prøve ut eitt eller fleire av undervisningsopplegga?

Vårdag med Veslemøy

3. trinn. Lærar: Lise Lunde Nilsen.

Våland skole, Stavanger

Lengd: 16.48 min

Elevane som er med i denne filmen, har i to år arbeidd systematisk med tekstar frå *Haugtussa* av Arne Garborg. Mange av aktivitetane er knytte til ungjenta Veslemøy og opplevingane hennar. I undervisningsopplegget vi får sjå i filmen, skal elevane skildre korleis Veslemøy opplever ein vårdag.

Kvífor er Veslemøy så glad denne vårdagen? Kva er det Veslemøy ser og sansar? Desse spørsmåla skal elevane prøve å svare på i eit tankekart. Tankekartet er med på å systematisere dei assosiasjonane som elevane får, og gjev eit konkret grunnlag for skriveøvinga.

Elevane har tidlegare illustrert både eigne tekstar og originaltekstar frå *Haugtussa*. Også «Vårdag med Veslemøy»-teksten skal illustrerast. På denne måten får elevane trening i å tenke samspel mellom illustrasjon og tekst, med andre ord øving i å lage samansette tekstar.

Spørsmål til diskusjon

Kva syntest du var bra ved dette undervisningsopplegget?

Korleis kan dei yngste borna arbeide med nynorsk?

Å oppdage nynorsk

7. trinn. Lærar: Kristin Paulsen
Aremark skole, Aremark
Lengd: 13.16 min

Kva veit elevane frå før om nynorsk? Kvar har dei møtt nynorsk? Kvar finn vi nynorsk i dag? Desse spørsmåla er utgangspunktet for dette utforskande undervisningsopplegget som passar like godt på 5. som på 7. trinn.

Målet med «Å oppdage nynorsk» er at elevane skal verte medvitne om at nynorsk er eit alminneleg skriftspråk som, til liks med bokmål, vert brukt i alle moglege sjangrar og høve.

Etter ein innleiande fellesdiskusjon får elevane konkrete gruppeoppgåver. Ei gruppe får i oppdrag å undersøke kvar dei finn nynorsk på Internett, ei anna gruppe skal leite etter nynorsk på biblioteket, og ei tredje gruppe skal sjå om dei finn nynorske tekstar i læreboka i norsk. Deretter skal gruppene leggje fram for kvarandre kva dei fann ut. Kanskje var nynorsk meir vanleg enn dei trudde?

Spørsmål til diskusjon

Kva kan elevane lære av eit slikt undervisningsopplegg?
Korleis ville du ha gjennomført eit undervisningsopplegg som Å oppdage nynorsk?

Mellom bakkar og berg

10. trinn. Lærar: Hjalmar Eiksund
Rosenborg skole, Trondheim.
Lengd: 16.00 min

Nynorske viser og songar har tradisjonelt hatt ei sterk stilling i musikk- og norskfaget. Kven har ikkje ein gong i løpet av skuletida sunge «Den fyrste song eg høyra fekk», «Du skal ikkje sova bort sumarnatta», «Mellom bakkar og berg» (oppavleg kjend som «Nordmanden») eller den populære «Kveldssong for deg og meg»?

I denne klassen har det vore eit tett samarbeid mellom musikklæraren og norsklæraren for å øva inn nynorske songar. Ved å syngje desse songane får elevane oppleve nynorsk som eit rikt og levande kulturspråk, og dei blir kjende med viseteksten som sjanger.

Spørsmål til diskusjon

På kva måte kan nynorske viser og songar vere ein del av norskundervisninga?
Korleis kan norsk- og musikklæraren samarbeide om nynorskopplæringa?

Møte med Ivar Aasen

10. trinn. Lærar: Hjalmar Eiksund
Rosenborg skole, Trondheim.
Lengd: 16.00 min

Dette tredelte undervisningsopplegget har som mål å gje elevane eit innblikk i språkhistorie, kulturhistorie og mediehistorie knytt til Ivar Aasen.

Same dagen som Ivar Aasen døydde, 23. september 1896, prenta Dagbladet ein lang nekrolog om Aasen på framsida av avisat. Språket i teksten er prega av den tida si ordbruk og vendingar. Dette gjev høve til å diskutere språkutviklinga i norsk i tillegg til at elevane får eit innblikk i Ivar Aasen si tyding i samtida.

I neste del av undervisningsopplegget får elevane møte sjølvaste Ivar Aasen, i form av lærar-i-rolle. På førehand har elevane skrive ned spørsmål dei kunne tenkje seg å stille Aasen. Lærar-i-rolle-metoden er ein dramateknikk der læraren gjev seg ut for å vere ein bestemt person, og rollefiguren svarar på det elevane lurer på. Møtet kan vere som eit formelt intervju, eller slik som i denne filmen, ein samtale mellom rollefiguren og elevane.

Den tredje delen i dette undervisningsopplegget er eit gruppearbeid der elevane gjer seg kjende med dagbøkene og språkferdene til Aasen. Både delar er lagde ut på nettstaden til Ivar Aasen-tunet. Gjennom dette arbeidet får elevane vite meir om den språkforskinga som Ivar Aasen utførte, dei får sjå døme på ord og uttrykk som han samla inn og dei vert kanskje litt overraska over å finne ut at Ivar Aasen skreiv på dansk i dagbøkene sine.

Spørsmål til diskusjon

Korleis kan lærar-i-rolle-metodikken bidra til å gje elevane auka forståing om ein tekst eller person?
På kva andre måtar kan ein arbeide med Ivar Aasen på 5.–7. trinn og/eller 8.–10. trinn?

Å slå opp med ei jente

8. trinn. Lærar: Ane Opdøl Kobreitan
Charlottenlund skole, Trondheim
Lengd: 17.20 min

I dette litteraturopplegget arbeider elevane med novella «Eg står her og skal slå opp med ei jente» av Rune Belsvik. Det er eit tredelt undervisningsopplegg der elevane først les novella, deretter lagar dei frysbitet frå ein situasjon i novella, og til sist skriv elevane sin eigen versjon av novella. Målet er at elevane skal fordjupe seg i og tolke ein moderne nynorsk tekst ved hjelp av dramaøvingar og skriving.

Læraren les novella høgt for elevane. Etterpå er det ein kort felles samtale om novella. Det er særleg vendepunktet elevane festar seg ved. Svein har bestemt seg for å gjere det slutt med kjærasten sin. Svein vert overraska då jenta kjem han i forkjøpet. «Da e' slutt,» seier ho. Etter fellessamtalen lagar elevane frysbitet (tablå) av ein valfri sekvens. I frysbitet kan elevane vere karakterane i novella, dei kan vere fysiske objekt som ei trapp eller ein lyktestolpe eller dei kan lekamleggjere kjensler. I tillegg skal elevane gje frysbitet ei overskrift

Under presentasjonen skal medelevane fortelje kva dei ser i frysbitet, og prøve å tolke det. Stemmer tolkingane med det gruppa sjølv har tenkt? Og kva er bakgrunnen for val av overskrift? Slik vert dramapresentasjonen eit nytt steg i prosessen med å tolke novella.

Elevane avsluttar med ei skriveoppgåve der dei skal skrive ein kort tekst om møtet mellom Svein og jenta sett frå hennar synstad. Denne skriveoppgåva med perspektivbyte gjev elevane høve til å forstå og forklare kvifor jenta handlar som ho gjer.

Spørsmål til diskusjon

Kva var bra ved dette undervisningsopplegget?
Kva andre dramaøvingar kan ein nytte i norskopplæringa?
Diskuter kva andre nynorsktekstar som kan nyttast i tilsvarande opplegg.

Ordkjede

9. trinn. Lærar: Ellen Flognfeldt
Tangenåsen skole, Nesodden
Lengd: 4.51 min

Ordkjede er ein språkleik der elevane øver seg i ordtilfang og rettskriving på nynorsk. Målet er at elevane skal automatisere ord som er mykje brukte på nynorsk, gjennom leikprega aktivitet. Eit delmål er at elevane òg skal verte meir medvitne om kva ord som er ulike på bokmål og nynorsk, og kva ord som er felles.

Aktiviteten tek utgangspunkt i kort med to ord på; eitt på bokmål og eitt på nynorsk. Leiken fungerer som ein stafett. Eleven som har startkortet, seier høgt bokmålsordet på kortet sitt. Den eleven som har det samsvarande nynorskordet, svarar med dette og held fram med å seie bokmålsordet sitt. Og slik går leiken til stafetten endar med nynorskordet på startkortet. Då er ordkjeda fullført.

DRAKE	IKKJE	GUT	SPRINGE
IKKE	GUTT	LØPE	DRAGE

(Startkort)

(Siste kort)

Ordkjede er ein fleksibel leik som det går an å ha i mange ulike variantar. Ein kan til dømes berre konsentrere seg om verb, om substantiv, om pronomen osb.

Spørsmål til diskusjon

Kvífor kan det vere viktig å gjere slike øvingar i nynorskopplæringa?
Kva andre leikprega aktivitetar kan ein bruke for å øve ordkunnskap?

Sjå dei andre filmane i serien *i praksis: nynorsk som sidemål i grunnskulen* på: www.skuleippraksis.no
i praksis: *nynorsk som sidemål i grunnskulen* er laga av Snöball Film og produsert i samarbeid med Nynorsksenteret.

Kråkebollebilly

Av Arild Torvund Olsen
Lengd ca. 2 min

Denne vesle animasjonsfilmen handlar om Kråkebollebilly. Han er, som namnet seier, ein kråkebolle. Andre ord for kråkebolle er til dømes «sjøpiggsvin» og «igulkjer» (= eit «igle-kar»). Kråkebollebilly vil så gjerne gje nokon ein klem, men dét er ikkje så greitt når ein er ein kråkebolle med spisse piggar. Filmen leikar seg med ord, og sjåarane får sjå korleis ein kan laga nye ord ved å setja saman to eller fleire ord.

Filmen er laga som ein del av *Høyre og sjå*, eit forskningsprosjekt om audiovisuell språkstimulering. Utgangspunktet for filmen var at animatøren Magnhild Winsnes vart inspirert av Marit Tusvik-diktet «Kra kra» i barnebokantologien *Les for meg!*:

Ein kråkebolle
av den impulsive typen
gav klemmar til alle han møtte

Han skjønte ikkje
at viss ein vil ha vener
og er kråkebolle
må ein ta det litt med ro

Framlegg til aktivitetar

- Vis borna ein tom kråkebolle og bilete av ein levande kråkebolle. Spør dei kvífor dei trur dyret har fått dei namna det har fått. Kva ord er namna samansette av?
- Lag illustrerte lappar med småord, og lat borna sjølve få leika seg med å setja saman nye ord.

Lesesirkel og rolleskriving

9. trinn. Lærar: Ellen Flognfeldt

Tangenåsen skole, Nesodden

Lengd: 34.14

I denne filmen får vi sjå eit utdrag av eit lengre litteraturprosjekt rundt romanen *Narnia-draumar* av Lars Mæhle. Målet er å gje elevane ei god litteraturoppleving ved å utforske teksten og språket på ein systematisk måte med ulike lese- og skrivestrategiar.

Den første delen av litteraturopplegget er knytt til førlesefasen. Aktivitetane i denne bolken vekslar mellom klasesamtale, kortskriving og bruk av tankekart. I førlesefasen får elevane delt forkunnskapane sine samstundes som dei gjer seg klare til å lese boka.

For å skape ein felles start les læraren det første kapittelet høgt for elevane. Det andre kapittelet les elevane på skulen, og kapittel tre les elevane heime. I den neste økta med leseprosjektet summerer elevane og læraren opp i fellesskap kva som har skjedd så langt i boka og kven dei ulike personane er.

Dette tredje kapittelet skal elevane fordjupe seg i ved hjelp av lesesirkelmetoden og rollekort. Elevane er organisert i femmargrupper, og kvar elev i gruppa har si rolle når han eller ho les teksten. Dei fem rollene er: regissør, avsnittsguide, opplysar, koplar og ordkunstnar. Til kvar rolle har læraren utarbeidd eit sett med spørsmål.

I filmen får vi sjå gjennomføringa av førlesefasen, at læraren modellerer – det vil seie viser – dei ulike rollene for elevane og at elevane les og diskuterer kapittel 3 med utgangspunkt i rollene sine. I tillegg får elevane prøvd seg på rolleskriving. Rolleskriving er styrte skriveoppgåver der elevane skal verte meir medvitne om innhaldet i det dei skriv, kven dei skriv for, og kva for sjanger dei nyttar.

Målet med metoden er at elevane skal verte betre kjende med teksten, og at gruppесamtalen om teksten skal ha større læringsutbyte. Når elevane les teksten med ulike innfallsvinklar, har dei fleire refleksjonar og kunnskapar å dele i samtalet. Arbeidsmåten tek ein del tid, og difor vil elevane i dette litteraturprosjektet gjennomføre lesesirkel med roller på to av kapitla. Dessutan er det viktig å variere arbeidsmåtane i eit slikt langt undervisningsopplegg.

Spørsmål til diskusjon

Korleis går læraren fram for å auke leseforståinga og gje elevane ei rikare leseoppleving?

Kva fordelar ser du ved å la elevane arbeide med nynorsk litteratur på denne måten?

Korleis vert lesing og skriving kopla i dette opplegget?

Les meir om lesesirkel i Bok i bruk-hefta fra Lesesenteret:

Bok i bruk på femte til sjuende trinn, *Bok i bruk på åttande til tiande trinn* og *Bok i bruk på videregående skole*.

Rollekort kan lastast ned frå: www.lesesenteret.no

Vi les lokalaviser

8. trinn. Lærar: Elin Hardeland

Brannfjell skole, Oslo

Lengd: 12.41 min

Målet med dette undervisningsopplegget er at elevane skal kombinere lesing av nynorske saktekstar med sjangerlære. Elevane skal samanlikne bruken av sjangrane lesarbrev og annonse i dei to lokalavisene *Grannar* og *Nordstrands Blad*. I tillegg skal elevane fordjupe seg i ein sjølvvatt artikkel på nynorsk frå *Grannar*.

Det er ein fordel om elevane på førehand har gått gjennom typiske sjangertrekk i sjangrane dei skal undersøkje. Då vil undervisningsopplegget fungere som repetisjon og fordjuping i sjangrane.

Undervisningsopplegget er organisert som stasjonsundervisning. To grupper samanliknar lesarbreva i dei to avisene, to grupper samanliknar annonsene i avisene medan to grupper fordjuper seg i ein sjølvvatt artikkel på nynorsk frå *Grannar*.

Arbeidet med lokalavisene gjev elevane også høve til å diskutere korleis dei to ulike avisene skil seg når gjeld innhald og målform. Kvifor er det både bokmåls- og nynorskannonssar i *Grannar*? Og kvifor er det ikkje nynorsk i *Nordstrands Blad*?

Spørsmål til diskusjon

Korleis ville du gjennomført eit undervisningsopplegg med nynorske lokalaviser?

På kva andre måtar kan ein kombinere nynorskoplæring og sjangerlære?

Reklame på nynorsk

10. trinn. Lærar: Kristin Kibsgaard Sjøbelle

Rosenborg skole, Trondheim

Lengd: 17.12 min

Målet med dette undervisningsopplegget er at elevane skal få øving i å lage samansette tekstar med digitale verktøy og på den måten få auka kunnskap om språklege og visuelle verkemiddel. Elevane skal lage ein reklame for eit produkt som har ungdom som målgruppe.

Læraren byrjar med å spørje elevane kva som kjenner teiknar reklame. På denne måten får elevane delt den førehandskunnskapen dei har om reklame som sjanger. Etter samtalen lagar elevane kriterium for reklamen dei skal lage.

Reklametekstar er ofte korte og poengterte. Då er det viktig at ordbruken er presis og at ein vel ord som gjev dei signala ein ønskjer. Skal ein reklame verke seriøs, er det også viktig at teksten er skiven korrekt.

I presentasjonsrunden på slutten av undervisningsøkta fortel elevane om kvifor dei laga akkurat den reklamen dei gjorde, kva verkemiddel dei nytta og kva bodskap dei ønskja å formidle med reklamen sin. Elevpara byter på å gje respons til kvarandre.

Spørsmål til diskusjon

Kva lærer elevane om reklamesjangeren i dette undervisningsopplegget?

På kva andre måtar kan arbeid med samansette tekstar kombinerast med nynorskoplæring?

Nynorsk lærebok i RLE

8. trinn. Lærar: Torill W. Tørjesen

Holmlia skole, Oslo

Lengd: 13.44

Holmlia skole har hatt ei eiga nynorsksatsing kalla Sidemålsløftet – Holmlia skole. Mellom anna har norsklærarane i felleskap laga ein modell for sidemålopsplæringa ved skulen, og denne modellen er nedfelt med konkrete mål for kvart årssteg i den lokale læreplanen i norsk.

Ein viktig del av nynorsksatsinga er at fleire av klassane har nynorsk lærebok i RLE. Målet med dette er at elevane skal få brei røynsle med nynorske fagtekstar og på den måten oppleve at nynorsk er eit språk i bruk.

Elevane arbeider også systematisk med ordtilfanget. Kvar gong elevane les ein ny tekst i læreboka, skriv dei inn nye eller vanskelege ord i margen på skribeboka. Orda kan vere særeigne for nynorsk eller det kan vere allmenne ord og uttrykk som elevane ikkje har sett tidlegare.

Læraren går jamnleg gjennom orda saman med elevane. Denne ordbank-strategien aukar ordtilfanget til elevane både i nynorsk og i bokmål.

Spørsmål til diskusjon

Kva fordelar kan det gje å bruke nynorsk lærebok i eit anna fag enn norsk?

På kva måtar kan ein arbeide systematisk med å utvide ordtilfanget til elevane?

Vi skriv saman

8. trinn. Lærar: Elin Hardeland

Brannfjell skole, Oslo

Lengd: 17.28 min

Vennskapsklassar, IKT og samskriving er nøkkelorda i dette skriveprosjektet der elevane i 8F ved Brannfjell skole i Oslo samarbeider med 8. trinn ved Enge skule i Hordaland. Eit elevpar frå Brannfjell er kopla med eit elevpar frå Etne. Alle elevpara skal skrive ei forteljing, lese tekstane til kvarandre og gje respons både skriftleg og munnleg. Munnleg samhandling skjer via web-kamera og gratisprogramme Skype.

Det er noko nytt for elevane å skrive for ein annan mottakar enn læraren. Dette gjer vonleg at elevane legg vinn på å skrive ekstra godt og rett. I tillegg vil dei truleg vere grundige lesarar i og med at dei også skal gje respons til elevane i vennskapsklassen.

Den første oppgåva i skriveprosjektet er å ta eit bilet av ein stad i nærområdet der det kan skje noko skummelt eller spennande. Elevpara ved Brannfjell skole skriv sine forteljingar ut frå biletet som para i Etne har teke, og motsett. I innleiinga til forteljinga skal elevane skildre staden på biletet og bruke sansane: Kva høyrer, ser, luktar og kjenner de på staden?

Etter to rundar med både skriftleg og munnleg respons, er det tid for presentasjon. Kvart par les stolte opp teksten sin, og bak dei vert stillbiletet vist på storskjerm. Som ei avrunding på skriveprosjektet summerer elevane i fellesskap opp kva dei tykte var bra og kva dei tykte kunne vore gjort annleis.

Spørsmål til diskusjon

Kva kan elevane lære av slike samskrivingsprosjekt? Korleis ville du ha gjennomført eit liknande skriveprosjekt?

Raude kyssemerke

8. trinn. Lærar: Ane Opdøl Kopreitan

Charlottenlund skole, Trondheim

Lengd: 17.11min

Dette undervisningsopplegget er bygd rundt novella «Raude kyssemerke i brev» av Jon Fosse og syner ulike arbeidsmåtar ein kan bruke i litteraturundervisninga. Målet er at elevane skal fordjupe seg i ei moderne nynorsk novelle og lage sin eigen variant av novella i form av ein samansett tekst.

Læraren byrjar med å lese novella høgt for elevane. Læraren stoppar opplesinga rett før vendepunktet i novella. Kva skjer vidare? Dette spørsmålet svarar elevane på i tokolonnenotatet dei har fått utdelt. Når elevane har svara ferdig, les læraren slutten på novella. Gjekk det slik elevane trudde?

I den neste oppgåva skal elevane ta føre seg hovudhandlinga i novella og formidle denne

i ein teikneserie. Før dei går i gang med å lage teikneserien, repeterer elevane i fellesskap kva dei kan om ulike verkemiddel i teikneseriesjangeren.

Økta vert avslutta med at para presenterer teikneseriane for kvarandre og forklrarar kva verkemiddel dei har brukt i teikneserien sin. Dei fine teikneseriane vert deretter hengde opp på veggen slik at andre elevar kan sjå kva klassen har laga.

Spørsmål til diskusjon

Kva syntest du var bra med dette litteraturopplegget? Korleis ville du lagt opp undervisninga om elevane dine skulle arbeide med akkurat denne novella?



